



**Budsjett 2022
Økonomiplan 2022 – 2025**
Fitjar kommune

**Kommunestyret sitt vedtak
8. desember, 2021**

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Rådmannen sine kommentarar.....	4
Statsbudsjettet.....	11
Endringar i drift - meir detaljert oversikt for 2022.....	12
Investeringar.....	14
Mål 2022-2025	17
Helse, miljø og tryggleik.....	19
Beredskap.....	20
Premissar for budsjettet	21
Økonomiske oversikter	23
Bevillingsoversikt – drift 2022	23
Bevillingsoversikt – investering 2022	24
Økonomisk oversikt etter art – drift 2022	26
Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i økonomiplanen og årsbudsjettet	27
Bevillingsoversikt – drift økonomiplan 2022 -2025.....	28
Bevillingsoversikt – investering 2022-2025.....	29
Økonomisk oversikt etter art – drift 2022 – 2025.....	30
Inntekter.....	31
Generelle inntekter	31
Finans.....	33
Disponering	34
Einingane sine driftsbudsjett	35
Helse, sosial og omsorg.....	35
Pleie og omsorgstenestene	39
Institusjonstenester.....	40
Heimebaserte tenester	42
Habiliteringstenesta.....	43
Helsespesialistene	45
Nav.....	46
Oppvekst og kultur.....	49
Oppvekst.....	51
Rimbareid barne- og ungdomsskule.....	56
Øvrebygda skule.....	57

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Selevik skule.....	59
Fitjarstølane barnehage	60
Kultur.....	61
Plan, utvikling og teknisk.....	63
Plan, byggesak og oppmåling.....	64
Drift og vedlikehald.....	65
Vatn, Avlaup og Renovasjon (VAR).....	67
Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor (SFLMK).....	68
Brann og beredskap.....	69
Politisk leiing.....	70
Administrasjon.....	72
Økonomisk forvaltning.....	74
Verbale føringar.....	75

Kommunestyret sitt budsjettdokument bygger på rådmannen sitt framlegg. Alle tabellar er oppdatert i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Endringar gjort av kommunestyret er lagt inn under det kapittelet endringa gjeld for. Kommunestyret sine endringar er merka med raud tekst.

Tabellane er også justert til «Forskrift om endring i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv», kunngjort 13.12.2021.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Rådmannen sine kommentarar

"Ein tydleg retning" - i møte med demografi og framtidig vekstkraft.

Om kommuneplanen og økonomiplanen som styringsinstrument

"Kommuneplan sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040" legg føringar for retning, mål og prioriteringar i økonomiplanen. Kommuneplanen sine kapittel er:

- Levande sentrum og bulyst
- Fitjar i berekraftig vekst
- Smarte og kompetente kommunale tenester
- Den grøne kommunen
- Sterke saman

Kommuneplanen og Økonomiplanen er kommunen sine fremste styringsreiskap for lokale prioriteringar innan tenesteyting og lokalsamfunnsutvikling. Frå Fitjar kommune vert det i dagleg arbeid utført gode tenester til brukarar og innbyggjarar i Fitjar og dei kvalitetane skal me byggja vidare på. Kommuneøkonomien i ein "vanleg" kommune vil oftast vera stram, då behova for velferdstenester alltid vil vera større enn ressursane. Krava til prioritering aukar. Den demografiske endringa vil krevja større endringar i kommunale tenester.

Om Fitjar kommune sin økonomiske situasjon

Kommunesektoren yter grunnleggjande velferdstenester, og me har store ressursar og store oppgåver. I Fitjar kommune er me ca. 340 medarbeidarar, fordelt på ca. 250 årsverk. Fitjar kommune har ei nøktern drift av sine tenester, og det er berre eitt område som peikar seg ut med svært høg ressursbruk- tenesta til brukarar med ressurskrevjande behov.

Me ser at staten stramar til rammene og handlefridomen til kommunesektoren med ulike verkemidlar eks lovfesta individuelle rettar, bemanningsnormer, nasjonale reformer som ikkje er fullfinansierte etc.

Fitjar kommune har over tid hatt vekst i folketalet og arbeider for å leggja til rette for dette i framtida også. Men folketalet har dei siste to åra gått vesentleg ned, og på siste nasjonale teljetidspunktet 01.07.21 er folketalet 3150 og vi har deretter hatt ein ytterlegare reduksjon på - 42 personar. Kommunen har fått igjen småkommunetilskot som ein del av rammetilskotet, ca. 3 mill. kr, som er lagt inn i heile økonomiplanperioden.

Statsbudsjettet 2022 viser ein vekst på 0,9 % i frie inntekter for Fitjar kommune, medan gjennomsnittet for landet er 1,5 %. Løns- og prisveksten (kommunal deflator) er 2,5 %, der lønsveksten utgjer 3,2 %. All lønsvekst er plassert på lønsreserven som er budsjettert med kr 5,48 mill. (lønsreserven skal også dekke lokaleforhandlingar 2021). Statsbudsjettet tek ikkje omsyn til nedgangen i folketalet i 3. kvartal. I framlegg til budsjett er veksten berre 0,1 %. Forventa rammetilskot og skatteinntekter er ca. 3,4 mill. lågare i 2022 enn i 2021.

I økonomiplanen ser vi vesentleg auke i inntekter generert av lokale forhold, knytt til vindkraft, havbruk og nye industrietableringar i Fitjar.

Desse inntektene betrar Fitjar kommune sin økonomiske situasjon utover i økonomiplanperioden 2022-2025. Det handlingsrommet bør forvaltast for å tilpasse tenestene til kommunen si demografiske utvikling, og til strategisk viktige satsingar i lokalsamfunnet i tråd med kommuneplanen.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Konsekvensjustert budsjett (KB)

Konsekvensjustert budsjett (KB) er den delen av budsjettet der ein fangar opp endringar i tenestene som må innfriast i tråd med vesentleg endra brukarbehev, lovfesta rettar, politiske vedtak eller lov- og avtaleverk. Dette er dei vesentlegaste endringane som er innarbeida i KB:

- Auka kostnader grunna kommunalt tilsette fastlegar
- Redusert tal ressurskrevjande brukarar
- Barnevernsreforma
- Reduksjon ein klasse på Rimbareid Skule
- Reduksjon i tilskot til private barnehagar grunna barnetal
- Reduksjon i spesialundervisning
- Nye vedtak for enkeltbarn barnehage § 31 og 37
- Bortfall av inntekter av steinuttak Årskog Industriområde
- Auke i energikostnad
- Bortfall av koronautgifter- og statleg kompensasjon.
- Lønsreserve/ tilleggsløyving

Me ser at det er eit jamt høgt press i både omsorgs- og oppvekstsektoren på auka ressursar til enkeltbrukarar for rettigheitsfesta tenester, sjølv med eit klar mål om å bremse vekst i einingane.

Inntekter

Eigedomsskatt

Retaksering eigedomsskatt er gjennomført i 2021, og klagehandsaminga vert fullført innan året sin utgang. Rådmannen foreslår ein auke i eigedomsskatten til 3,0 promille for bustadar og fritidsbustadar i 2022 og 2023, og ein reduksjon til 1,8 promille i 2024 og 2025.

Pga. av fleire konkrete nærings- og industrietableringer i økonomiplanperioden er det lagt inn vesentleg større forventa inntekter frå eigdomskatt næring, særleg i 2024 og 2025.

Havbruksfondet

Vi har lagt inn ei forventa inntekt frå Havbruksfondet.

Inntekter frå Havbruksfondet er uendra i høve til kommunestyret sin vedteke økonomiplan: 1,9 mill. kvart år, og eit tillegg på 4,4 mill. dei åra ein har utbetaling frå auksjonar (2022 og 2024).

Avgift på landbasert vindkraft

I statsbudsjettet er det lagt fram forslag om å innføre ei produksjonsavgift på vindkraft på land, med eitt øre per produsert kWh. Avgifta er sagt at skal krevjast inn av staten, som deretter fordeler avgifta til vertskommunar. Første utbetaling vert i 2023. NVE har berekna forventa årleg produksjon i Midtfjellet til 433 GWh. Rådmannen har difor lagt inn 4,0 mill. i inntekter frå denne avgifta årleg frå 2023.

Kommunale avgifter

Kommunale avgifter vert nytta til å finansiere investeringar innan vatn- avløp og feiing (sjølvkost). I vedtak av Hovudplan for vatn og avløp har ein eit høgt ambisjonsnivå for utbygging av VA. Administrasjonen har ikkje kapasitet til å følgja opp den investeringstakten som er i vedtatt handlingsprogram, og har gjennom investeringsbudsjettet lagt fram ein noko meir moderat framdriftsplan og slik prioritert tydlegare. Nye tiltak har kome til m.a. knytt til industrietableringer på Årskog industriområde og satsingar i retning Sandvikvåg. Dette gje moglegheiter for samordning av investeringar med næringslivet der.

Utbygging innan VA aukar dei kommunale avgiftene årleg i økonomiplanperioden med 11,2 % på vatn og 7,8 % på avløp. Feiing av fritidsbustadar starta i 2021.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Omstillingar:

Fitjar kommune har framleis ein stram kommuneøkonomi særleg dei første åra, og ein må redusere tenester for å oppretthalda økonomisk balanse. Behovet for omstilling vert drive fram av demografi og kommuneøkonomi.

Budsjettreduksjonane rådmannen foreslår vil ha bemanningsmessige konsekvensar i fleire sektorar, me foreslår nokre strukturelle endringar, og målretta tiltak med vekt på førebyggjande innsats i alle sektorar. Me opprettheld eksisterande avtalar med frivillig sektor. Vi har ikkje lagt inn særskilte pandemikostnadar i budsjettet for 2022, og føreset at staten finansierer dette i sin heilskap dersom vi må oppfylle statlege krav t.d. massevaksinering.

Me prioriterer investeringar som kjem av HMS krav, som kan redusere driftsnivået og styrke lokalsamfunnsutviklinga og realisere kommuneplanen sine mål. Vi har eit noko meir offensivt investeringsbudsjett i økonomiplanperioden for å kunna redusere konkrete driftskostnader.

Administrasjonen har identifisert 10 omstillingsområde for å redusere konkrete driftskostnader i økonomiplanperioden. Dette er introdusert i 1. tertialrapport 2021, og presentert på arbeidsseminar med formannskapet og leiarar av hovudutvala 24.09.21. Presentasjonar er utsendt. Med unntak av interkommunale samarbeid, er alle områda innarbeida i forslaget til økonomiplan og investeringsbudsjett. Utgreiingar og planlegging pågår som førebuing til iverksettingstidspunktet i økonomiplanperioden.

Desse er:

Etat	Tema
Oppvekst og kultur	Flytting 7 kl. Øvrebygda Nedlegging Øvrebygda skule “Øvrebygda Arena”
Helse- og omsorg	Samlokalisering og samordning av aktivitetsavdelingar inkl. frivillig sektor
	Tenestestruktur ressurskrevjande brukar
Teknisk	EPC kontrakt – energisparekontrakt kommunale bygg.
	Robotisering og digitalisering av teknisk infrastruktur
Administrasjon	IT kostnadar frå drift til investering.
	Digitalisering
Interkommunale samarbeid	Gjennomgå dei største interkommunale samarbeida for å redusere kostnadar, hindre vekst.
Finans	Redusere gjeld 20-25 mill.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Konklusjon:

Rådmannen legg fram forslag til Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 i balanse, der me nyttar dei store ressursane til dei grunnleggjande velferdsoppgåvene.

Me legg i Budsjett 2022 fram forslag om tiltak for driftsreduksjon, tiltak for styrking av tenester og tiltak som betrar inntektene. Ein del tiltak har kun effekt for 2022, men dei største tiltaka har effekt både i 2022 og med heilårseffekt i 2023. Difor ser vi at netto driftsresultat betrar seg i økonomiplanperioden. Vi når kommunestyret sitt mål om 1% brutto driftsresultat i 2024.

Me har ei vesentleg betring av det økonomiske resultatet utover i økonomiplanen, pga. av nye inntekter. Inntektene til kommunen, knytt til lokale forhold, aukar pga. av ny nasjonal skattlegging av vindkraft som har verknad frå 2023, og store nye næringsetableringar på Årskog industriområde som aukar inntektene frå eigedomsskatt frå 2024 og 2025. Dette har Fitjar kommune jobba for over lang tid, på ulike arenaer.

Me foreslår i økonomiplanperioden å omfordеле konkrete ressursar i tråd med tilpassinga til demografiske forhold, frå skulesektoren til helse- og omsorgssektoren. Me foreslår nedlegging av Øvrebygda skule samstundes som vi utviklar ei investeringspakke i Øvrebygda "Øvrebygda Arena" og på Rimbareid skule med rehabilitering av gymsalen. Frigjorte ressursar vert foreslått omfordelt til målretta stillingar i førebyggjande helse: til "Laget" og oppfølging av NAV i vidaregåande skule, til styrking av vernet kring familiar, til samlokalisering av kommunale aktivitetsavdelingar, og fleire lærlingar.

Dette er forslaga til endringar som har størst konsekvensar i 2022:

- Reduksjon av ca. 1,8 årsverk (inkl. reduserte vikarkostnad) i Helse- og omsorg fordelt på heimebaserte tenester, økonomisk sosialhjelp og administrativ leiing.
- Opprette to nye kortidsplassar på FBB innan eksisterande grunnbemanning.
- Innarbeiding av 1,8 nye kommunale fastlegestillingar.
- Reduksjon av ca. 4,42 årsverk i Oppvekst- og kultur i hovudsak fordelt på skulane
- Nedlegging av SFO på Øvrebygda skule.
- Nedlegging av SFO på Selevik skule.
- Flytting av 7 klasse ved Øvrebygda skule til Rimbareid skule frå 01.08.22.
- Auka energikostnader
- Auka midlar til vedlikehald av kommunale bygg.
- Generell reduksjon av ressursar til vikar, ekstrahjelp etc. i heile organisasjonen.
- Reduksjon av reiser- kurs- og konferansar i heile organisasjonen.
- Reduksjon i administrasjon knytt bortfall av lærlingstilling IKT og forlenging av redusert driftstilskot til Fitjar Kyrkje. Styrking av administrasjon for sakshandsaming av søknadar startlån frå Husbanken.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

- Innføre driftstilskot til Fitjar kultur- og idrettsbygg AS både pga. av koronapandemien (2020 og 2021) og for å sikra at FKIB kan oppretthalda ordinær drift fram i tid. Jf. Økonomiplan 2021-2024 og forvaltningsrevisjonsrapport 2021.

Tiltak for å redusere finanskostnader og styrke inntektene i 2022:

- Bruke ubunde disposisjonsfond til å finansiere låneneoptaka i 2021 på 22 mill. kr og slik redusere finanskostnader. Effekt i drift i heile økonomiplanperioden
- Auke i egedomsskatt til 3,0 o/oo, med reduksjon til 1,8 o/oo frå 2024
- Gebyrregulativ og generell prisstiging på ca. 3%
- Kommunale avgifter VA for å realisere hovudplan for vatn – og avløp og næringssatsingar på Årskog industriområde.

Me prioriterer investeringar som kjem av krav til helse- miljø og tryggleik (HMT), som kan redusere driftsnivået og fornye utviklinga i lokalsamfunnet:

- Satsing på IKT, digitalisering og effektivisering fordelt på sektorar ulike år i ØPL
- Ferdigstille brannstasjon
- Ny kommunal barnehage investering 2022 og -23. Arkitektkonkurranse ferdigstilt januar -22 og arbeid med forprosjekt- og kravspesifikasjon våren 2022.
- Grøne investeringar som reduserer driftsnivået og styrkar kommunen sitt klimaansvar.
- Investeringar i VA i Jf. Kommunedelplanar for VA og næringssatsingar på Årskog industriområde.
- Fitjar Utvikling AS, der vi foreslår å nytta 3 mill. kr i økonomiplanperioden, finansiert frå ubunde investeringsfond. Midlane er overført frå 2021.

Investeringar i vatn og avløp vert betalt av abonnentane. I rekneskapen for 2020 var 41 mill. av 260 mill. av lånegjelda knytt til investeringar i VA. Med planlagde investeringar i denne økonomiplanen, vil om lag 65 mill. av 333 mill. i lånegjeld vera knytt til VA, ved utgangen av 2025.

Om befolkningsutvikling- og samansetning

Folketalet i Fitjar har dei siste par åra vore tydleg fallande. Me legg til rette for vekst i folketalet framover i tråd med SSB sin prognose (MMMM)



Fitjar kommune, på linje med dei fleste distriktskommunar, har ei klår demografisk utvikling. Me skal verda vesentleg fleire eldre, og har eit minkande tal på barn- og unge. Det siste sjølv om vi får ein jamm vekst i folketalet. Den demografiske trenden er forsterka gjennom oppdaterte tal frå SSB.

I 2021 har vi reduksjon i talet på barnehagebarn og eldre over 80 og 90 år, noko som direkte påverkar kommunen si rammeoverføring frå staten i 2022. Tilpassing av tenestene til demografi er krevjande men naudsynt. Sjeldan kan tenestetilpassinga gjerast i ein 1-1 storleik, det krev strukturelle endringar.

Dette betyr at helse- og omsorgssektoren må prioriterast høgare, på kostnad av opvekstsektoren.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Parallelt jobbar vi med utvikling av Fitjar sin attraktivitet og næringsutvikling, som vil kunna auka tilflyttinga og gje folketalsvekst.



Om budsjettprosessen :

Arbeidet med økonomiplanen har gått føre seg i administrasjon i perioden august- oktober. Dei økonomiske utfordringane og omstellingsbehovet gjer at me arbeidar djupare i organisasjonen med både mål, økonomiske rammer og tiltak for å koma i balanse. Tiltak i budsjettet er drøfta i einingar og etatane i regi av etatsleiarane, og i strategisk leiing.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Me har gjennomført informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde 09.09.21 og 21.10.21 AMU vil ha økonomiplanen til handsaming i november/desember, før endelig handsaming i kommunestyret.

Me gjennomfører eit informasjonsmøte med kommunestyret om budsjettet 27.10 når rådmannen offentleggjer budsjettet.

Når kommunestyret har fatta sitt økonomiplanvedtak 08.12.21 vil rådmannen gjennomføre ein teknisk kontroll av budsjettet før det vert oversendt Statsforvaltaren i Vestland.

Mål i kommuneplanen 2020-2040

Kommunestyret vedtok 30.09.20 Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040.

Måla og strategiane i kommuneplanen skal vera førande for måla i økonomiplanen. Det er bra samsvar mellom desse i dag, og vi legg no kommuneplanen til grunn generelt, og måla i kapitla "Smarte og kompetente kommunale tenester" og "Den grøne kommunen" særskilt.

MÅL

- Fitjar kommune skal gjennom omstilling møte dei framtidige behova for velferdstenester, gjennom å ta i bruk ressursane til brukarane, kompetansen og engasjementet til leiarar og medarbeidrarar, og gjennom samarbeid med lokalsamfunnet
- Fitjar skal nytta sin smådriftsfordel: liten, kjapp og kompetent.
- Fitjar kommune skal digitalisere i alle sektorar for auka kvalitet i tenestene, effektivisere og for å møte rekrutteringsutfordringa.

I kommuneplanen er det sett mål for overgang til lågutsleppssamfunnet:

MÅL

- Fitjar skal redusere sine klimagassutslepp i tråd med nasjonale krav (2020: 45 % innan 2030 og 70% innan 2040 for å nå målet om 80-90 % reduksjon innan 2050 (1-2 tonn CO₂ per innbyggjar).
- Fitjar kommune skal ha ambisiøse klimamål i eigen organisasjon innan fornybar energi, bygg, VAR og transport, innkjøp og mat.
- Fitjar kommune må utvikle samarbeid med næringsliv og sivilsamfunn i Fitjar for å nå måla.
- Fitjar skal nytta sine fortrinn innan grøne/blå næringar for å oppretthalda og skapa nye arbeidsplassar.
- Fitjar kommune skal sikra ei berekraftig arealforvaltning.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Konkretisering av måla skjer seinare i dokumentet.

Rapportering skjer i tertialrapportane til kommunestyret. Eit oversiktleg rapporteringssystem skapar etterspurnad etter resultat, og vil hjelpe til med å halda retning og tempo i organisasjonen sitt arbeid.

Statsbudsjettet

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2021 til 2022 med 1,6 mrd. Dette skal dekke 0,6 mrd. i meirutgifter knytt til demografi, og om lag 360 mill. til auka pensjonskostnadene. 100 mill. er knytt til særskild satsing på fleire barnehagelærarar, og 75 mill. til tiltak for barn og unge si psykiske helse.

Fitjar kommune får 3,0 mill. i ordinært skjønstillskot, som i 2021.

Andre aktuelle saker:

Barnevernreforma trer i kraft 1. januar 2022. Kommunane får auka finansieringsansvar for fosterheimar, og eigendalar for tiltak gjeve av Bufetat aukar. Overføringa aukar med 1,31 mrd. som følgje av reforma, halvdelen gjennom rammetilskotet, og halvdelen gjennom særskilt fordeling.

Innlemming av øyremerkt tilskot barnevern vert innlemma i rammetilskotet med 841 mill.

Helsestasjon og skulehelseteneste vert vidareført, med 2,5 % prisjustering, som rammetilskot med særskilt fordeling. Fordelinga er etter folketalet i aldersgruppa 0-19 år.

Innslagspunktet for tilskot for ressurskrevjande tenester vert auka med 50 000,- ut over pårekna lønsvekst i 2020. Dette aukar Fitjar sine kostnadar med ca. 250 000 i 2022. Tilleggskompensasjonen på 55 mill. til små kommunar med særskild høge utgifter, vert vidareført. Fitjar får truleg ikkje nytte av denne i 2022 heller.

Tilskot til private barnehagar vert endra ved å redusera tilskotet til pensjon frå 13 % til 11 %. I tillegg vert kapitaltilskotet redusert.

Frå hausten 2022 vert det innført ein ekstra time naturfag.

Endring i finansområda:

Rentemarknaden har endra seg mykje dette året og. Næringslivet er i stor grad komme i gang att etter koronapandemien. Renteføresetnadane er difor justert markant opp. Forventa NIBOR er:

2022 – 1,21 %
2023 – 1,75 %
2024 – 2,00 %
2025 – 2,05 %

Fitjar kommune er nær nøytral med omsyn til renteeksponering på eksisterande gjeld. Det vil seia at renteoppgang ikkje resulterer i større kostnadar på eksisterande gjeld.

Total gjeld ved årsskiftet 2021/2022 vil vera om lag 248 mill. Kommunen investerer vesentleg meir enn det avdragsutgiftene. Det er planlagd å ta opp 141 mill. i nye lån i perioden. Lånegjelda vil difor auke, som fører til at renterisikoen også er til stades.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Endringar i drift - meir detaljert oversikt for 2022

Helse- og omsorg

- Me aukar kravet til direkte brukartid i alle helse- og omsorgstenestene og får slik meir tenestetid i kvart årsverk. Me reduserte med 1 årsverk i 2021 og 0,5 årsverk i 2022 og resten av økonomiplanen i tråd med førre års ØPL.
- Me legg inn eittårige sparetiltak i etaten på til saman kr 576 000,-, i 2022.
- Me reduserer 0,5 årsverk i administrasjonen på sjukeheimen frå 01.01.22.
- Me legg inn eit mindreforbruk på sjukevikar og ekstrahjelp på sjukeheimen på kr 501 000,-, frå 2022.
- Me opnar to ekstra kortidsplassar frå 2022, med same grunnbemanning.
- Me vidarefører i 2022 0,5 årsverk til habilitering jf. rev. budsjett 2021.
- Me styrkar dagtilbodet i 2022 med 0,15 årsverk jf. rev. budsjett i 2021.

Oppvekst- og kultur

- Talet på stillingar i etaten vert redusert med 4,42 årsverk i 2022, delar av stillingane frå 01.03.22.
- Me gjennomfører "Plan for digitalisering 2020-2025"
- Me legg ned SFO på Øvrebygda skule.
- Me legg ned SFO på Selevik skule.
- Me flyttar 7. klasse ved Øvrebygda skule til Rimbareid skule frå 01.08.22 Overflyttinga gjeld i heile planperioden. Hausten 2022 er det 12 elevar på 7. trinnet.
- Me reduserer Rimbareid skule med ei 100 % stilling frå 01.08.2022. (Reduksjon § 5-1)
- Me reduserer Rimbareid skule med ei 100 % stilling frå 01.08.2022. I klasse mindre.
- Me innfører eit driftstilskot til FKIB frå 2022 for å kunna oppretthalda stabil drift.
- Me styrkar tiltak til enkeltbarn i barnehagesektoren
- Me reduserer tilskot til private barnehagar grunna lågt fødselstal i 2021 og låge prognosar for 2023 – 2025 (30 fødslar pr år)

Plan- teknisk og landbruk

- Me reduserer driftsutgifter på energi og drivstoff ved å gjennomføre grøne investeringar.
- Justeringar gebyrregulativet, og auka 1M med 3,03 %
- Energikostnadene vert auka med kr 200 000,- til nivå med år 2020
- Styrka vedlikehaldet av kommunale bygg kr 300 000.- Beløpet er likt fordelt mellom institusjon og skule
- Bortfall av inntekter steinuttak Årskog industriområde kr 250 000,-.
- Aukar husleiga for kommunale bustadar med 2,9 %
- Aukar inntektene til SFLMK for sal av tenester til Austevoll kommune med kr 360 000
- Aukar reinhald på ny brannstasjon med 20 % stilling
- Aukar inntektene for unødvendige brannutrykkingar med kr 188.000

Me budsjetterer med El-kontollar: Samla auka kostnad er 69 000 kr:

- Lovpålagt periodisk el-kontroll administrasjonslokale
- Lovpålagt periodisk el-kontroll FBB
- Lovpålagt periodisk el-kontroll Havnahuset
- Lovpålagt periodisk el- kontroll på skulane

Me styrkar VA området med følgjande tiltak:

- Kontroll og forebyggande arbeid i høgdebassenga

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

- Auke i gebyrinntekter ved innføring av tilknytingsgebyr for vasspost naust og innlagt vatn i naust frå 1.1.22. Ligg inne i nytt pkt. i gebyrregulativet i politisk sak om eigedomavgifter 2022
- Auke i gebyrinntekter i avlaup for 37 nye abonnentar i Dåfjorden (Fiskaneset)

Administrasjon:

- Oppjustering av lisenskostnadene, IKT
- Reduksjon av midlar satt av til IKT-utstyr
- Utsetje inntak av ny IKT-lærling
- Oppretthalda reduksjon av driftstilskot til Fitjar Kyrkje og andre tru- og livssynssamfunn med kr 200 000, på nivå 2020.
- Vakanse rådmann i to månader

Politisk leiing:

- I tilleggslovgivningsposten (lønsreserven) er det avsett midlar til å dekke ein lønsvekst på 3,2 %, jf. estimat i Statsbudsjettet.
- Innarbeida midlar til utviklingsprosjekt Jf. sak 70/21 i formannskapet om forvaltning av fond, fullt ut frå 2024.
- Redusert møteaktivitet med tre møter (august/ september) unntatt kommunestyret, estimert 60 000
- Normalisering av møteverksemd, fjerna midlar til leige av lokale
- Berre auka kontrollutvalet sitt budsjett med deflator
- Ta bort næringstilskot på 100 000

Heile organisasjonen:

- Auke i betalingssatsar på ca. 3 %
- Generell reduksjon av ressursar til vikar, ekstrahjelp
- Reduksjon av reiser- kurs- og konferansar

Eigedomsskatt:

Rådmannen foreslår å auke satsen for anna eigedom (til dømes bustader og fritidsbustadar) til 3,0 promille i åra 2022 og 2023. I 2024 vert denne redusert til 1,8 promille.

I tillegg er det lagt inn auke i skattegrunnlaget som følgje av ny næringsverksemd med 0,75 mill. i 2023, 2,1 mill. i 2024 og 3,9 mill. i 2025.

Kommunale avgifter:

Sak om kommunale avgifter vert lagt fram for kommunestyret frå utval for plan og miljø. Saksutgreiinga er lagt ved budsjettsaka som vedlegg.

Me står overfor større utbyggingar i økonomiplanperioden knytt til m.a. ny Hovudplan for Vatn, og Hovudplan for Avlaup for perioden 2020-2030. Utbygging av Årskog industriområde influerer også utbyggingsbehov. Prioriteringar går fram av investeringsbudsjettet.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Investeringar

Fitjar kommune har eit investeringsbudsjett prega av å vera naudsynt og med strategiske vurderingar bak. Investeringane er knytt til HMS, dei reduserer driftsnivået, og kan styrke og fornye lokalsamfunnsutviklinga.

Investeringsnivået er knytt til finansielle måltal for å ivareta kommunen si økonomiske berekraft. Investeringsbudsjettet er ambisiøst med fleire store investeringar dei første åra. Lånegjelda vil overstige det finansielle måltallet i 2024 (90 % av brutto driftsinntekter).

I investeringsbudsjettet ligg det inne ein del faste årlege investeringar. Dette er t.d. innan IKT veg, VA. Me kommenterer ikkje desse tiltaka.

Dei største og dei nye forslaga til investeringar kommenterer me slik:

Digitalisering i alle sektorar:

Me har stabile faste investeringar i IKT i helse- og omsorgssektoren og oppvekst. Vi fordeler dei mellom sektorane mellom åra i økonomiplanen, og teknisk er tatt inn som etat. Ved auka digitalisering stiller me krav til meir effektive arbeidsformer og gevinstrealisering, men me ser at det tek tid å gjennomføre investeringane og oppnå dette. Digitalisering er ca. 20 % teknologi og 80 % organisasjonsendringar. I tillegg gjer me punktutbetringer som mogeleggjer bruk av digitale løysingar betre i tenestene og som styrkar beredskapen til kommunen.

Fitjar deltek i KS sitt nasjonale satsingsprogram på utvikling av felles digitale løysingar for kommunane. For å sikre innføring av desse løysingane, samt tilretteleggje infrastrukturen til å takle desse, vert IKT-avdelingane sine dedikerte investeringsmidlar er auka frå kr 350 000,- til 450 000,-. Auken har samanheng med avgjersla om å ikkje delta i DigiVestland.

Brannstasjon:

Ny brannstasjon i Fitjar sentrum er under bygging. Den var planlagt ferdigstilt i november-21, men pga. av forseinkingar med leveransar av materiell er det utsett ferdigstilling til februar-22. Vi overfører ca. 6 mill. av investeringsmidlane frå -21 til 2022.

Ny kommunal barnehage:

Ny kommunal barnehage vart 28.04.2021 vedtatt bygd ved inngangen til Rossneset byggefelt. Kr 29 mill. er avsett i økonomiplanen, og ca. 1 mill. nyttar til utgreiingsarbeid i 2021. Hausten - 21 pågår plan- og arkitektkonkurranse, med kåring av vinnar 20.01.22 deretter går prosjektet inn i forprosjekt og utarbeidning av kravspesifikasjon for utlysing av anbod. Endeleg investeringsavgjerd er venta etter anbodsinnhenting i sept-22. Rådmannen har ikkje endra investeringsramma i ny økonomiplan då det trengst meir dokumentasjon i utbyggingsprosessen før dette. Det er forventa noko høgare kostnader knytt til faktorar som kommunestyret var gjort kjent med før si avgjerd: Lokaliseringa krev ny reguleringsplan, tilknytta gang- og sykkelveg og VA løysing. Bygget er planlagt med klimavenlege løysingar som også reduserer driftskostnadane - passivhus og bergvarme. I tillegg er det for tida høgare materialprisar i byggemarknaden no. Ein kjem tilbake til justert økonomisk ramme i revidert budsjett-22.

Idrett- og anlegg

Investeringar innan kultur- idrett og anlegg ligg lenger fram i økonomiplanen og føreset ekstern (med)finansiering. Prioriteringar skjer i Plan for idrett- og anlegg som vert lagt fram parallelt med økonomiplanen. I økonomiplanperioden ligg det inne eit framlegg om at Øvrebygda skule vert lagt ned frå 01.08.2024 (**reversert av kommunestyret**). Administrasjonen ynskjer parallelt med dette å introdusera "Øvrebygda Arena" som samlingspunkt for lag og organisasjonar, kultur, idrett og frivilligheit i Øvrebygda (**reversert av kommunestyret**). Kommunen vil ved realisering vurdere å gå inn med eit årleg tilskot til drift. Uteområdet vil bli oppgradert slik at det

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

vert innbydande og funksjonelt for ulike aktivitetar. (Sjå skisseutkast). I same tidsrom foreslår vi oppgradering av gymsalen på Rimbareid skule (**flytta og redusert av kommunestyret**). Det er lagt inn investeringsmidlar til dette i økonomiplanperioden.

Samlokalisering av kommunen sine aktivitetsavdelingar ved FKIB

I samsvar med demografiske endringar og måla i kommuneplanen sin samfunnssdel, bør ein styrke det førebyggjande arbeidet gjennom aktivitet, deltaking og fellesskap for både unge- og eldre, folk med og utan helsetenester. Administrasjonen foreslår ei samlokalisering av kommunen sine aktivitetsavdelingar med Fitjar kultur- og idrettsbygg som vil auka tilgangen til aktivitetstilbod, auka tilbodet til fleire målgrupper og samordning av kommunale bemanningsressursar. Fitjar kommune er kjent med planar hjå Fitjar Kraftlag om vurdering av eit nytt bygg ved FKIB. Dette kan gje samfinansieringsmogleheter, også med Husbanken. Administrasjonen foreslår å setja av 150 000 kr som kommunen sin andel av utgreiingsarbeid i 2022, med mogeleg realisering i 2024-25. Det er lagt inn ei førebels investering til dette i 2024. Endleg konsept vert klar via utgreiingsarbeidet i -22.

Planarbeid

I økonomiplan 2020-2023 var arbeidet med ny reguleringsplan for Fitjar sentrum igangsett og fullfinansiert. Eksterne utgreiinger har blitt finansiert i seinare budsjett. 2. gangs høyring finn stad november/ desember-21. Arbeidet vil vera fullført våren 2022.

Nye kommunale planarbeid vil trengja kommunal finansiering er fordelt i økonomiplanperioden. Dette gjeld kommuneplanen sin arealdel (KPA) for perioden 2022-2024, som er sett av med samla 2 mill. kr. Midlane vil bli nytta til interne fagfolk og innkjøp av eksterne konsulentar.

VA investeringar:

Årskog – infrastruktur

I forbindelse med etablering av settefiskanlegg på Årskog industriområde, planlegg Lerøy Seafood Group å henta ferskvatn nedstraums frå kraftstasjonen ved Fitjar kraftlag. Det krev opparbeiding av infrastruktur i form av nedgraving av røyr. Det er og naudsynt å oppgradera straum- og fiberløysing, aktørar her er Haugaland kraft og Fitjar kraftlag. Dette arbeidet skapar eit moglegheitsrom for eit større samarbeid og kostnadsfordeling. Administrasjonen finn det formålstenleg at ein samstundes legg ned ny VA-infrastruktur i grøfta, då dagens anlegg både nærmar seg slutten av levetida og har utfordringar knytt til drift. Ei oppgradering av VA-anlegget er naudsynt for å fasilitera etablera kompenseringsstasjonen til NOA-Krafla prosjektet som er planlagt på Årskog. Det mogglegjer og nedgraving av røyr knytt til ny vassforsyning til område Sandvikvåg (privat og framtidig næring). Etter dagens standard vert all slik infrastruktur lagt ved sida av vegbanen, mot tidlegare praksis der den vert lagt i vegbanen. Det gjer det naudsynt med grunnerverv, og gjer moglegheit til å etablera fortau med gatelys. Endleg investeringssum og fordelingsnøkkelen mellom aktørane er ikkje kjend.

Kommunestyret vedtok 30.09.20 ny kommunedelplanar for Vatn og avløp for dei neste ti åra (2020-2030). Strategiar og tiltak er omtala i planen. Dette vert no følgt opp i økonomiplanperioden. Dette er eit svært omfattande arbeid som krev administrativ kapasitet, planlegging og politiske saker for realisering. Investeringsnivået påverkar dei kommunale avgiftene. Administrasjonen foreslår ein lågare investeringstrakt enn hovudplanen legg opp til pga av kapasitetsomsyn og avgiftsnivå. Administrasjonen foreslår å prioritere VA anlegg austover: sentrum - Årskog- Sandvikvåg pga. av store næringsetableringar. I investeringsbudsjettet ligg det inne nokre faste mindre investeringar som vi ikkje kommenterer,

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

men det ligg også inne større investeringar som først går gjennom prosjektringsfase i 2022 og deretter investering som følgjer:

- Renovering Teknisk bygg Årskog (2022): Opprettheld vedtatt ramme, men nokre opsjonar er haldne utanfor pga av den økonomiske ramma.
- Utgreiling for å auke produksjonskapasiteten til vassverket (2022)
- Sanering vatn og avløp (2022, årleg i ØPL)
- Høgdebasseng Fitjarstølane (2023)
- Vassforsyning Sandvikvåg (2024 og 2025)
- Digitalisering infrastruktur (2024)
- Ny kloakkpumpestasjon Årskog (2025)
- Tiltaksplan spreidd avløp (årleg i 3 år, 2026-2030)
- Vestbøstad avløpssone (2026-2030)

Grøne investeringar:

Dette er oppfølging av kommuneplanen "Den grøne kommunen".

Kommunalbanken og KLP gjev 10 rentepunkt (0,001 %-poeng) i rabatt på lånetilboda sine til grøne rentelån.

Det er lovpålagt å energimerke offentleg bygg. Vi foreslår å gjennomføre dette i 2022, med ei økonomisk ramme på 1 mill. som blir overført frå -21 til-22. FKIB vil også inngå i dette. Energimerking inngår som ein del av kommunen sitt arbeid for energieffektivisering i drift knytt til klima og økonomi.

Vedtaket frå førre års økonomiplan om utskifting av lysarmatur i gatelys er gjennomført for 2020 og 2021, og held fram to år til i økonomiplanen. Det same gjeld utskifting av tenestebilar til elbilar.

Ny kommunal barnehage vil bli bygd som passivhus, og med bergvarme som energiberar.

Kommunen er i gang med arbeidet med grøn mobilitet og betre kollektivtransport i Fitjar. Det vert arbeida for ekstern finansiering. Første store søknad vart innvilga av klimasatsmidlar med 1,5 mill. fordelt på 2022 og 2023. Vi søker fylkeskommunen om 2 mill. i same periode. Fitjar kommune har bevilla 600 000 fordelt på dei same to åra.

Vi foreslår å gjennomføre energisporekontrakt (EPC) med planlegging i 2023, gjennomføring i 2024 og 2025, med innsparingseffekt i 2026. EPC vil gje ei garantert energiinnsparing i drift estimert til 976 714 kWh til ein verdi av 683 700,- kr kvart år (ENOVA), gjennom ei oppgradering av alle kommunale bygg. Eksakt investeringssum vert endeleg klar etter planleggingsfasen i 2023. Kommunen kan få midlar frå Enova til dette arbeidet.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

MÅL 2022-2025

Kommunestyret vedtok "Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040" 30.09.20
Måla i ny kommuneplan er førande for mål og strategiar i økonomiplanen
Måla som er prega av omstilling vart vedtatt for økonomiplanen 2019-2022. Måla bør haldast stabile over noko tid. Måla må ha større styringskraft, og organisasjonen må gjennomgå djupare endringar.

Kommuneplanen (*sitat*) løftar fram brukarperspektivet og dette er ein av nøklane til å lukkast i omstillingsarbeidet i kommunen:

Fokus på brukaren sine ressursar

Kvalitet skal prege alle tenester. I all tenesteyting vil me leite etter brukaren sine eigne ressursar, også i familie og nettverk. Ved å fokusere på brukaren sine ressursar får ein ei langt meir aktiv brukarrolle, og ein aukarsamspelet med brukaren og den sitt nettverk. Slik kan fleire ressursar mobiliserast og fungere målretta saman. Eit ressursorientert brukarperspektiv tyder også at ein fokuserer på brukaren sine sterke sider. I den aldrande befolkninga er det vesentlege menneskelege ressursar som ein må nyttiggjere seg.

Me vil jobba tverrfagleg med tidleg innsats i alle aldersgrupper, og utvikle verknadsfulle arbeidsmetodar slik at kommunale tenester bidreg til å utjamna sosiale skilnader og uønskt ulikskap i befolkninga. Eit ressursorientert brukarperspektiv skapar meir jamvekt mellom brukaren og tenesteytaren som gjer gjensidige forventingar mogeleg.

I framtida vil ein måtte ivareta individuelle behov og retter, ved bruk av meir allmenne eller fellesskapsorienterte og kostnadseffektive arbeidsformer. Eksempelvis frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, utvikling av lågare trinn i omsorgstrappa. Kommunen må jobba førebyggjande og med dynamisk innsats.

Med utgangspunkt i et folkehelseperspektiv vil me leggja til rette for eit mangfold av tilbod om deltaking, aktivitet og opplevelingar for alle aldersgrupper. Det utviklar meistring og sosiale fellesskap.

Tverrsektorielle mål:

Fitjar kommune skal digitalisere i alle sektorar for auka kvalitet, effektivisere og for å møta rekrutteringsutfordringa.

- Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.
- Bruk av omsorgsteknologi skal bidra til trygge og tilpassa tenester og føre til at innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim.
- Digitalisering i skulen vil gje elevane grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheitar og gje tilsette i skulen fleire verktøy for tilpassa opplæring og reduksjon av spesialundervisning. Digitalisering skal effektivisera tenestene.
- Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar, gje raskare sakshandsaming og redusere kommunen sine administrasjonskostnadar.
- Iverksette «Plan for digitalisering 2020-2025»

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Kompetente og engasjerte medarbeidrarar er vår største ressurs

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidrarar som når måla for tenestene.
- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.
- Sjukefråværet skal vera under 6 %

Bygge partnarskap mellom kommunen og omgjevnadane - kapasitetsbygging

- Attraktive Fitjar - Tettstadsutvikling, miljø- klima- og næringsutvikling.
- Ferdigstille og iverksette ny reguleringsplan for Fitjar sentrum
- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla, og etablera nye, aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevingar og sosiale fellesskap
- Selskapet "Fitjar Utvikling AS" skal fremja og bidra til å realisere allmennyttige investeringar som byggjer Fitjar sin attraktivitet.
- Berekraftig distriktsmobilitet Living Lab Fitjar. 2-årig mobilitetsprosjekt.
- Ny kommuneplan arealdel 2025-2037

Finansielle måltal

Kommunestyret vedtok, i tråd med ny Kommunelov, finansielle måltal i sak 57/19.

- **Sunnheitsindikator** – Netto driftsresultat skal vera på minst 1 % av brutto driftsinntekter. I framlegget til budsjett når ein dette måltalet i 2024.
- **Gjeldsbelastningsindikator** – Langsiktig gjeld skal ikkje vera meir enn 90 % av brutto driftsinntekter. I budsjettframlegget ligg ein under denne grensa fram til 2023. I 2024 vil ein ligge litt over.
- **Renteeksponeringsindikator** – Risiko som skildra i finans- og gjeldsforvalningsreglementet, skal ikkje vera høgare enn låg risiko; 0,2 % av brutto driftsinntekter. Budsjettet legg opp til å etterleva kravet i heile perioden.
- **Likviditetsindikator** – Arbeidskapital skal vera minst 17 % av brutto driftsinntekter. Budsjettet legg opp til å etterleva kravet i heile perioden.
- **ROBEK-indikator** – Fri eigenkapital skal vera minst 10 % av brutto driftsinntekter. Budsjettframlegget legg opp til å nå dette målet i heile perioden.

Måla for sektorane er presentert på etat og einingar.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Helse, miljø og tryggleik

Etter rammeverk for personal og HMT vert det gjennomført vernerundar og risikovurderingar ved arbeidsplassane fyrste kvartal kvart år. Rapportane kjem som sak til Arbeidsmiljøutvalet før sommaren. Medan nokre av vurderingane går på arbeidsprosessar og utstyr, gjev andre eit bilet av at det er trøng for investeringar. Det skal både for vernerundane og risikovurderingane vurderast om oppfølging kan skje i eininga, eller om det må følgjast opp sentralt i kommunen.

Funn i vernerunde og arbeidsmiljøomsyn er avgjerande for investeringsanbefalingane som er gitt i budsjettet. Bygging av ny barnehage er eit resultat av dei funn og risikovurderingar som er gjort på Fitjarstølane barnehage. Førebygging av eksponering kjemisk helsefare ved brannrøyk, samt betre sanitære forhold for VA-personell, har vore avgjerande for investering i ny brannstasjon og VA. Drivande for denne utbygginga har vore det landsdekkande tilsynet frå Arbeidstilsynet med brannstasjonar.

Eit viktig mål for 2022 og økonomiplanperioden er å redusere sjukefråværet. Frå perioden 2017 til 2019 har sjukefråværet vore stigande. I 2020 var sjukefråværet 8,9 %.

Med korona-pandemi ser ein ei auke i sjukefråværet, både i form av særegne fråværskurver som føl mindre lokale smitteutbrot pålegg om karantene, og høgare fråvær som fylgje av lågare terskel for å halde seg heime (for å hindre smitte). Grunna pandemien er det vanskeleg å samanlikne 2020 og 2021 med føregåande år, men so langt i år tyder tala på at ein ser ei auke i sjukefråværet.

Gjennom året har personalavdelinga hatt eit særskilt fokus på oppfølging av langtidssjukemelde, hovudsakleg via Attføringsutvalet. Utvalet er samansett av personalrådgjevar, ein representant frå bedriftshelsetenesta, hovudverneombod, og personalansvarleg. Utvalet har handsama langtidsfråvær som er meldt inn frå einingsleiarar, og saker som er identifisert via statistikk. Utvalet innhentar jamleg informasjon om oppfølginga av dei enkelte tilsette, og kjem med føringar for vidare oppfølging og tiltak. Utvalet sitt arbeid viser igjen i tettare oppfølging på leiarnivå og saker som får midlertidige eller permanente løysingar.

For 2022 lyt kommunen setje seg eit ambisiøst mål for reduksjon av sjukefråværet. Pandemien er over, drifta normalisert, og system og rutinar ligg klare for oppfølging av både kort- og langtidssjukemelde.

Leiarar lyt ha fokus på kulturbygging og korttidsfråvær på sine einingar, og samstundes halde fokus på langtidssjukemelde i samarbeid med personalavdelinga. Saman lyt ein prøve å etablere ein ny og trygg arbeidskvardag, der ein balanserer smitteverntiltak, akseptabel bemanningsfaktor, og oppfølging av den enkelte. Det bør vurderast å etablera lågterskel-tilbod som arbeidstrening for langtidssjukemelde.

Administrasjonen gjennomfører ei medarbeidarundersøking kalla 10-faktorundersøkinga kvart andre år. Undersøkinga går ut til alle tilsette, og vert følgt opp på avdelingsnivå. Undersøkinga skal resultere i ei tiltaksliste som avdelingane arbeidar med det neste året. Undersøkinga vert gjennomført for tredje gong seinhausten 2021. Ein nyttar både eksterne og interne ressursar til gjennomføring og kompetanseheving.

Administrasjonen har også fokus på kompetanseheving hjå leiarane i kommunen. Me har nytta møtestaden «Leiarforum», som møtes omlag ein gang i kvartalet, til å gjennomføre felles opplæring. I 2021 har brorparten av leiarane frå denne gruppa deltatt i eit utviklingsprogram som går over fem samlingar. Fyrste samling var våren 2020, siste samling vert vinteren 2022. KS Konsulent gjennomfører leiarutviklinga for kommunen. Siste samling vert saman med hovudtillitsvalde og hovudverneombod, og har fokus på medarbeidarundersøkinga. Siste samling

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

vert gjennomført samstundes som arbeidet med resultata frå undersøkinga skal presenterast og arbeidast med på einingane.

Velferdsklubben i Fitjar kommune blei skipa i desember 2013. Arrangementa til velferdsklubben har vist seg å være ein populær møteplass for dei tilsette, deltakartalet har vore jamt dei siste åra. Arrangementa er ein god samlingsplass for dei tilsette på tvers av avdelingar og fagområde. Rådmannen ser at velferdsklubben har vore positiv for arbeidsmiljøet i Fitjar kommune, og vidareført det årlege tilskotet til velferdsklubben på kr 32 500,- i økonomiplanperioden. Under pandemien har det vore redusert aktivitet i klubben, men for siste halvår 2021 er det planlagd og gjennomført fleire vellykkja arrangement. Kommunestyre har bevilla kr 100.000,- i 2020 og kr 100.000,- og 2021 til velferdsklubben for ekstra velferdstiltak for tilsette under og etter pandemien.

HMT-mål:

- Vernerundar skal gjennomførast årleg, funn og tiltak skal rapporterast til AMU
- Risikokartlegging skal gjennomførast årleg i alle avdelingar, og skal resultera i tiltaksplan.
- Personalmøte skal haldast minst ein gang per halvår på kvar avdeling
- Leiarforum skal arrangerast minst fire ganger årleg
- Det skal gis informasjon om varslingsrutinar og kvalitetssystemet Compilo minst ein gang per år.
- Det skal tilbys influensavaksine til tilsette på institusjon.
- 0 skader med fråvær
- Kvart andre år skal det gjennomførast
 - HMT-kurs for verneombod og leiarar med personalansvar
 - Medarbeidarsamtalar
 - Medarbeidarundersøking på avdelingsnivå, og utarbeiding av tiltaksplan
 - Seniorsamtalar
 - Pensjonskurs med individuell oppfølging

Beredskap

Mål for kommunens beredskapsarbeid er sett i kommunestyret i 2014, og vil verta rullert i samband med ny heilskapleg ROS. Tiltak som fremjar beredskap vert innarbeid i planar i tråd med rundskriv H-5/18 frå KMD om «Samfunnssikkerheit i planlegging og byggesaksbehandling.» Fitjar brann og redning er sentral i kommunen sin daglege beredskap.

Fitjar kommune har beredskapsråd, kriselerding og psykososial krisegruppe. Kriselerdinga har vore særsviktig og aktiv i 2020 og 2021 knytt til handtering av koronapandemien, ei folkehelsekrise som pregar heile landet og Fitjar kommune. Me deltek på statsforvaltaren sine fylkesdekkande beredskapsøvingar. Arbeidet med beredskap er styrka for heile organisasjonen ved innføring «Beredskapsveka» i veke 3 kvart år. Då jobbar organisasjonen med internkontroll beredskap på alle einingar, og gjennomfører øvingar. Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med den kommunale beredskapsplikta i oktober 2019. Lukking av avviket om heilskapleg ROS pågår i 2021, i samarbeid med Stord kommune.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Premissar for budsjettet

Gebyr og avgifter:

- a. Ved utrekning av forskotsskatt og forskotstrekk for 2022 og likninga for 2021 nyttar ein følgjande satsar: Inntektsskatt for personlege skatteytarar følgjer høgaste sats, justert i høve Stortinget sine vedtak.
- b. Endringar i kommunale avgifter for vass, kloakk, brannsyn og feiing og tilsyn med fyringsanlegg går fram av eiga sak.
- c. Festeavgiftene på Fitjar kyrkjegard vert vedteke i samsvar med vedtak i Fitjar Kyrkjelege Fellesråd:

a. Festeavgift per år	250,-
b. Reservering av grav	4 000,-
c. Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlem	4 000,-
d. Gravlegging utanbygds, kistegrav	8 000,-
e. Gravlegging utanbygds, urnegrav	4 000,-
- d. Administrasjonsavgiftene for festeavgifter i Fitjarstølane bustadfelt vert uendra i høve til 2021.
- e. Betaling for kommunal barnehage følgjer maksimalpris sett av staten.
- f. Betalingssats for SFO vert auka med 3 % i høve til 2021.
- g. Betalingssats for kulturskulen vert auka med 3 % i høve til 2021.
- h. Kjøp av mat frå sjukeheimen vert auka med 3 % i høve 2021.
- i. Eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring vert auka med 3 % i høve 2021. Justering under 2G aukar i samsvar med statleg sats.
- j. Dagspris for dagsenter for demente vert auka med 10,- til 200,-.
- k. Vederlag for opphold i institusjon vert fastsett på grunnlag av vedtekter fastsette av staten. Maksimal betalingssats i Fitjar bu- og behandlingscenter vert fastsett til 101 451,- per månad / 3 382,- per døgn.
- l. Sosialsatsane føl Statens sine satsar i 2022 med slikt vedtak i sak 47/18 «Fitjar kommune legg til grunn statlege rettleiande satsar for tildeling av økonomisk stønad, likevel skal det i kvar einskild sak gjerast eit skjønn rundt satsane opp mot behov». **Barnetrygd skal likevel ikkje reknast inn i inntektsgrunnlaget.**
- m. Satsar for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert:

a. Små born (10 %)	213 782,-
b. Store born (10 %)	102 096,-
c. Små born (12 %)	218 213,-
d. Store born (12 %)	104 558,-
e. Kapitaltilskot	9 600,-
f. Kapitaltilskot (14-16)	17 100,-
- n. Oppseiingstida for leiligheter på Havnahuset vert sett ned frå tre til ein månad. Økonomisk tap som fylgje av dette vert å utlikna på den ordinære leiga.

Eigedomsskatt:

I samsvar med eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert følgjande nytta for skatteåret 2021:

- a. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på faste eigedommar i heile kommunen.
- b. Eigedomsskattesatsen vert sett til på 6,0 promille for næringseigedommar, og **2,0 promille** for andre eigedommar.
- c. For bustaddel av eigedommar, inkludert fritidseigedommar, som ikkje nyttast til næringsverksemد gjeld eit botnfrådrag på kr 350 000,-av takstverdi.
- d. I samsvar med eigedomsskattelova §7a skal følgjande eigedommar ha fritak:
 - I. Prestegarden (huset), FKIB AS, Havnahuset, Fitjartun, Hamn burettslag, Fitjar vidaregåande skule, bedehus, gamle skulehus (grendehus), Fjellheim Friluftsbarnehage, Fitjar Soknerådsbarnehage, Årskog barnehage og Friluftsrådet Vest.
- e. I samsvar med eigedomsskattelova §7b er bygning av historisk verdi – definert som bygning registrert i Kulturminneplanen kategori A, B og C: **For desse bygningane kan det søkjast**

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

om årleg fritak for egedomsskatten dersom statusen i kulturminneplanen set særlege avgrensingar for bygningen. Tidlegare gjevne fritak vert oppheva.

- f. Bustadhus (ikkje hytter) som er inntil 5 år gamle, skal ha halv egedomsskatt.
- g. Egedomsskatten skal for 2022 betalast i fire terminar. (Eigedomar med årleg egedomsskatt under kr 1 000,- vil få ein årleg faktura)
- h. Ved taksering og utskriving av egedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter i "Rammer og retningslinjer for egedomsskatt" vedteke 22.04.2021. Rammene for 2022 vert justert etter dette vedtaket.

Låneopptak:

- a. Det vert teke opp nye lån på inntil kr 48 000 000,- til investeringsføremål i 2022.
- b. Det vert teke opp lån til vidareformidling på inntil kr 2 000 000,-.

Fond:

- a. Det vert vedteke å nytta følgjande fond til finansiering av driftsbudsjettet i 2022:
 - I. 100 000,- frå velferdsfond sjukeheimen
- b. Det vert vedteke å setja av til følgjande fond i 2022:
 - I. 29 255,- til museumsfondet
 - II. 104,- til viltfondet
- c. Inntekter og kostnadar med renovasjon og slam vert ført mot renovasjons- og slamfondet i samsvar med oppgåver frå SIM.

Driftstilskot

Fitjar Kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

- a. Fitjar Kyrkjelege Fellesråd kr 2 377 950,-
- b. Fitjar Frivilligsentral kr 468.120,-
- c. TV-aksjonen kr 7 000,-
- d. Norsk Landbruksrågiving kr 30 000,-
- e. Liv og Lyst Døfjorden kr 30 000,- (3-årig prosjekt. Siste år 2022)
- f. Fitjar idrettslag får 365 000,- i tilskot for vedlikehald av idrettsanlegg.
- g. Fitjar Kultur- og idrettsbygg AS får kr 250 000.- i driftstilskot

Oppvekst og kultur disponerer kr 50 000,- til kulturmiddlar i 2022.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Økonomiske oversikter Bevillingsoversikt – drift 2022

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Rammetilskot	-119 711	-116 936	-111 968
Inttekts- og formuesskatt	-87 982	-92 554	-99 625
Eigedomsskatt	-17 721	-20 644	-20 720
Andre generelle driftsinntekter	-9 786	-4 330	-7 300
Sum generelle driftsinntekter	-235 200	-234 464	-239 613
Sum bevilling drift, netto	224 942	234 157	236 104
Brutto driftsresultat	-10 259	-307	-3 509
Renteinntekter	-814	-699	-1 278
Utbytte	-119	0	0
Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	760	1 240	655
Renteutgifter	4 225	3 260	5 069
Avdrag på lån	11 353	12 453	11 078
Netto finansutgifter	15 405	16 254	15 524
Motpost avskrivinger	-12 401	-13 117	-13 061
Netto driftsresultat	-7 254	2 830	-1 045
Disponering / dekking av netto driftsresultat			
Overføring til investering	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	1 194	11	35
Bruk av bundne driftsfond	-3 053	-954	-106
Avsetjingar til disposisjonsfond	9 158	0	1 331
Bruk av disposisjonsfond	-45	-1 886	-215
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	7 254	-2 830	1 045
Ført til inndecking i seinare år	0	0	0
Bevilling drift			
Helse og sosial	13 895	16 576	14 695
Institusjon	25 739	25 943	25 348
Heimebaserte tenester	20 628	21 203	21 856
Habilitering	29 168	25 725	27 257
Helsespesialistar	6 115	8 107	8 790
NAV	5 549	6 639	7 271
Sum Helse, sosial og omsorg	101 093	104 193	105 217
Skule og oppvekstadministrasjon	27 392	29 542	28 035
Rimbareid skule	34 276	36 319	37 013
Øvrebygda skule	5 713	5 997	6 546
Selevik skule	4 469	4 524	4 856
Fitjarstølane barnehage	5 551	6 812	7 357
Kultur	3 459	2 490	2 737
Sum Oppvekst og kultur	80 860	85 683	86 544
Plan, byggesak og oppmåling	1 338	166	-466
Drift og vedlikehald	19 621	16 949	17 788
VAR	485	-85	-819
SFLMK	3 609	3 672	3 692
Brann og beredskap	3 987	3 844	3 901
Sum Plan, utvikling og teknisk	29 041	24 521	24 096
Politisk leiing	3 428	9 206	9 517
Administrasjon	12 951	12 392	12 647
Økonomisk forvaltning	-2 432	-1 838	-1 918
Sum bevilling drift	224 942	234 157	236 104

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Bevillingsoversikt – investering 2022

	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Investeringar i varige driftsmidlar	25 914	32 075	60 473
Tilskot til andre sine investeringar	119	700	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	630	3 685	3 710
Utlån av eigne midlar	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0
Sum investeringsutgifter	26 662	36 460	64 183
Kompensasjon for meirverdiavgift	-3 860	-6 375	-12 095
Tilskot frå andre	-3 233	-900	-750
Sal av varige driftsmidlar	-7 386	0	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	0	0	0
Bruk av lån	-15 713	-25 500	-47 629
Sum investeringsinntekter	-30 192	-32 775	-60 473
Vidareutlån	2 830	2 000	2 000
Bruk av lån til vidareutlån	-2 830	-2 000	-2 000
Avdrag på lån til vidareutlån	1 857	1 400	2 000
Mottatte avdrag på vidareutlån	-854	-1 150	-1 150
Netto utgifter vidareutlån	1 002	250	850
Overføring frå drift	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-1 632	-250	-850
Avsetjingar til ubunde investeringsfond	4 159	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	-3 685	-3 710
Dekking av tidligare års udekka beløp	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetjingar	2 527	-3 935	-4 560
Framført til inndecking i seinare år (udekka beløp)	0	0	0

Bevillingsoversikt investering

Tittel	Total prosjektramme	2022	2023	2024	2025
Investeringar i 2022-2025					
Administrasjon					
IKT administrasjonen og felles.		450 000	450 000	450 000	450 000
Eigenkapitalinnskot KLP		710 000	730 000	755 000	755 000
Oppgradering Agresso		250 000			
Skule og barnehage					
IKT skule		600 000		600 000	
Inventar skule			150 000		150 000
Barnehage	30 000 000	15 000 000	14 000 000		
Renovering gymсал Rimbareid	15 000 000		1 000 000	10 000 000	
Utskifting av sluker og fuging, basseng Rimbareid		350 000			
Pleie og omsorg					
Velferdsteknologi	600 000		600 000		600 000
Ny pleie og omsorgsplan.		150 000		5 000 000	
Samlokalisering av aktivitetsavdeling					
Grøn kommune					
Energikartlegging og lovpålagt energimerking offentlege bygg	1 000 000	1 000 000			
Energisparekontrakt EPC			1 000 000	3 000 000	7 000 000
Utskifting av gatelys til LED-lys	1 600 000	400 000	400 000		
Drift og vedlikehald					
Bustadar rus	2 800 000	200 000	2 600 000		
Fitjar kommune					

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Ventilasjonsanlegg Rimbareid skule	1 200 000	1 200 000				
Veg generell		1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Oppgradering kommunal bustad, påbygg	700 000	700 000				
Digitalisering teknisk		600 000		600 000		
Utvide / trygge parkeringsplass ved Selevik skule		200 000		1 000 000		
Montering av tennskap for å få tilgang på styring av gatelys og deler av målte gatelys	400 000				400 000	
HMS tiltak; tilkomst tak Rimbareid skule og rådhustak	160 000		160 000			
Adresseskiltning	400 000	200 000				
Kjøkken, somatisk avdeling FBB		150 000				
Ventilasjon Øvrebygda skule		300 000				
FBB, nytt golvbelegg, malning, LED lys og nytt tak i korridorer og hall	500 000				500 000	
Havnahuus, skifte varmtvannsbereder og resten av kobber rør pga lekkasje	300 000	300 000				
Ventilasjon Havnahuus		200 000				
Utskifting og oppgradering av ikkje godkjente leikeapparat		120 000				
Miljøvennleg kunstgras Øvrabygda skule	120 000	120 000				
Prosjektering av veg og fortau Årskog	180 000	180 000				
Årskog veg, fortau, gatelys, pris	4 900 000	2 450 000	2 450 000			
Beredskap						
Ny brannstasjon	21 800 000	6 500 000				
ROS-analyse brann og ulykkesrisiko		50 000	100 000			
Plan, bygesak og oppmåling						
Digitalisering av eideomsarkiv	470 000	328 096				
Ny kommuneplan arealdel		500 000	1 000 000	500 000		
Fitjar utvikling	3 000 000	3 000 000				
Kultur						
Tuftepark Selevik, spelemidlar	300 000			150 000		
E-sportanlegg på FKIB, spelemidlar	400 000	200 000				
Løype til Surefjellet (Øvrebygda vel)				200 000		
Tursti frå Dalshaugane til Tveitaslottet	700 000	150 000				
Treningsapparat Olstjødno, spelemidlar		100 000				
Tilskot til friluft / sktivitetsprosjekt		300 000				
VAR						
Div. småanlegg vass		500 000	500 000	500 000	500 000	
Avlaup småanlegg		500 000	500 000	500 000	500 000	
Høgdebasseng Fitjarstølane	5 400 000	380 000	5 000 000			
Renovering teknisk bygg (25 % teknisk)	3 385 000	3 385 000				
Ny kloakkpumpestasjon Årskog	2 000 000				2 000 000	
Slamavskiller Fiskaneset	1 200 000	1 100 000				
Nyanlegg avløp	2 400 000			2 400 000		
Sanering vatn og avløp		3 480 000	5 000 000	3 600 000	2 600 000	
Grunnarbeid VA Årskog	6 000 000	3 617 211	1 750 000			
Forprosjekt VA plan Årskog	500 000	418 250				
Vestbøstad avløpssone	10 000 000				500 000	

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Vassforsyning til Sandvikvåg	3 400 000		1 700 000	1 700 000
Utgreiing produksjonskapasiteten til vassverket	200 000	200 000		
Digitalisering VA infrastruktur			1 000 000	
Kyrkja				
Gravplassen - felt D		150 000		
Vognskul gravemaskin		200 000		
Universell utforma parkering		200 000		
Minnelund		200 000	300 000	
	52 088 557	38 590 000	33 255 000	18 655 000

Sum aksjar og frikjøp	3 710 000	730 000	755 000	755 000
Sum ordinær investering	34 798 096	25 110 000	22 800 000	10 100 000
Sum VAR	13 580 461	12 750 000	9 700 000	7 800 000
Sum	52 088 557	38 590 000	33 255 000	18 655 000

Økonomisk oversikt etter art – drift 2022

	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Rammetilskot	-119 711	-116 936	-111 968
Inntekts- og formuesskatt	-87 982	-92 554	-99 625
Eigedomsskatt	-17 721	-20 644	-20 720
Andre skatteinntekter	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-9 786	-4 330	-7 300
Overføringer og tilskot frå andre	-62 594	-43 936	-49 680
Brukarbetalingar	-7 000	-7 303	-7 385
Sals- og leigeinntekter	-22 336	-23 472	-26 001
Sum driftsinntekter	-327 130	-309 175	-322 679
Lønsutgifter	154 844	142 652	144 646
Sosiale utgifter	38 170	38 749	42 632
Kjøp av varer og tenester	93 427	92 057	89 308
Overføringer og tilskot til andre	18 030	22 293	29 522
Avskrivingar	12 401	13 117	13 061
Sum driftsutgifter	316 871	308 869	319 170
Brutto driftsresultat	-10 259	-307	-3 509
Renteinntekter	-814	-699	-1 278
Utbytte	-119	0	0
Vinster og tap på finansielle omløpsmidlar	760	1 240	655
Renteutgifter	4 225	3 260	5 069
Avdrag på lån	11 353	12 453	11 078
Netto finansutgifter	15 405	16 254	15 524
Motpost avskrivingar	-12 401	-13 117	-13 061
Netto driftsresultat	-7 254	2 830	-1 045
Overføring til investering	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	1 194	11	35
Bruk av bundne driftsfond	-3 053	-954	-106
Avsetjingar til disposisjonsfond	9 158	0	1 331
Bruk av disposisjonsfond	-45	-1 886	-215
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	7 254	-2 830	1 045
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	0	0	-0

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Oversikt over gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktingar i økonomiplanen og årsbudsjettet

	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Pensjonsforpliktingar						
KLP	296 757	296 531	314 992	325 072	335 474	346 209
SPK	47 253	35 032	36 153	37 309	38 503	39 735
Sum pensjonsforpliktingar	344 011	331 563	351 145	362 381	373 977	385 945
Lån						
Lån til fastrente	78 243	74 439	87 635	122 635	129 940	131 105
Lån til flytande rente	181 761	173 401	175 129	174 774	192 349	208 527
Sum lån	260 004	247 840	262 764	297 409	322 289	339 632
Rentebytteavtalar						
Nordea	37 500	31 500	30 500	10 000	10 000	10 000
Sparebanken Vest	27 500	27 500	27 500	27 500	27 500	27 500
Sum rentebytteavtalar	65 000	59 000	58 000	37 500	37 500	37 500

Alle rentebytteavtalar betalar Fitjar kommune fastrente og mottek flytande rente

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Bevillingsoversikt – drift økonomiplan 2022 -2025

	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Rammetilskot	-111 968	-112 043	-112 046	-111 350
Inntekts- og formuesskatt	-99 625	-99 625	-99 625	-99 625
Eigedomsskatt	-20 720	-21 470	-22 820	-24 695
Andre generelle driftsinntekter	-7 300	-6 200	-11 600	-7 200
Sum generelle driftsinntekter	-239 613	-239 338	-246 091	-242 870
Sum bevilling drift, netto	236 104	231 570	232 756	232 991
Brutto driftsresultat	-3 509	-7 768	-13 335	-9 879
Renteinntekter	-1 278	-1 726	-1 581	-1 436
Utbytte	0	0	0	0
Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	655	202	-28	-46
Renteutgifter	5 069	6 755	7 822	7 662
Avdrag på lån	11 078	12 980	13 713	14 264
Netto finansutgifter	15 524	18 211	19 926	20 444
Motpost avskrivinger	-13 061	-13 185	-13 439	-13 513
Netto driftsresultat	-1 045	-2 742	-6 847	-2 948
Disponering / dekking av netto driftsresultat				
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	35	35	35	35
Bruk av bundne driftsfond	-106	-106	-106	-106
Avsetjingar til disposisjonsfond	1 331	3 027	7 133	3 233
Bruk av disposisjonsfond	-215	-215	-215	-215
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	1 045	2 742	6 847	2 948
Ført til inndekking i seinare år	0	0	0	0
Bevilling drift				
Helse og sosial	14 695	14 931	14 931	15 781
Institusjon	25 348	25 348	25 348	25 348
Heimebaserte tenester	21 856	21 856	22 510	22 510
Habilitering	27 257	26 638	26 638	26 638
Helsespesialistar	8 790	8 065	8 065	8 065
NAV	7 271	7 611	8 200	8 200
Sum Helse, sosial og omsorg	105 217	104 450	105 692	106 543
Skule og oppvekstadministrasjon	28 035	24 635	24 246	25 270
Rimbareid skule	37 013	36 499	36 193	35 462
Øvrebygda skule	6 546	6 608	6 608	6 608
Selevik skule	4 856	4 908	4 908	4 908
Fitjarstølane barnehage	7 357	7 357	7 357	7 357
Kultur	2 737	2 857	2 957	2 807
Sum Oppvekst og kultur	86 544	82 865	82 269	82 412
Plan, byggesak og oppmåling	-466	-20	-20	-20
Drift og vedlikehald	17 788	17 767	17 767	17 767
VAR	-819	-1 599	-2 360	-3 391
SFLMK	3 692	3 692	3 692	3 692
Brann og beredskap	3 901	3 901	3 901	3 901
Sum Plan, utvikling og teknisk	24 096	23 741	22 980	21 950
Politisk leiing	9 517	9 517	9 982	9 982
Administrasjon	12 647	13 248	13 748	13 748
Økonomisk forvaltning	-1 918	-2 250	-1 915	-1 643
Sum bevilling drift	236 104	231 570	232 756	232 991

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Bevillingsoversikt – investering 2022-2025

	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Investeringar i varige driftsmidlar	60 473	47 325	40 625	22 375
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	3 710	730	755	755
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	64 183	48 055	41 380	23 130
Kompensasjon for meirverdiavgift	-12 095	-9 465	-8 125	-4 475
Tilskot frå andre	-750	0	-150	0
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	0	0	0	0
Bruk av lån	-47 629	-37 860	-32 350	-17 900
Sum investeringsinntekter	-60 473	-47 325	-40 625	-22 375
Vidareutlån	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av lån til vidareutlån	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Avdrag på lån til vidareutlån	2 000	2 000	2 000	2 000
Mottatte avdrag på vidareutlån	-1 150	-1 200	-1 250	-1 300
Netto utgifter vidareutlån	850	800	750	700
Overføring frå drift	0	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-850	-800	-750	-700
Avsetjingar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-3 710	-730	-755	-755
Dekking av tidligare års udekka beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetjingar	-4 560	-1 530	-1 505	-1 455
Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)	0	0	0	0

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Økonomisk oversikt etter art – drift 2022 – 2025

	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Rammetilskot	-111 968	-112 043	-112 046	-111 350
Inntekts- og formuesskatt	-99 625	-99 625	-99 625	-99 625
Eigedomsskatt	-20 720	-21 470	-22 820	-24 695
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-7 300	-6 200	-11 600	-7 200
Overføringer og tilskot frå andre	-49 680	-45 347	-45 285	-45 534
Brukarbetalingar	-7 385	-7 135	-7 135	-7 135
Sals- og leigeinntekter	-26 001	-26 621	-27 215	-28 055
Sum driftsinntekter	-322 679	-318 441	-325 727	-323 594
Lønsutgifter	144 646	144 128	145 667	145 737
Sosiale utgifter	42 632	42 504	42 990	43 039
Kjøp av varer og tenester	89 308	82 792	82 263	83 287
Overføringer og tilskot til andre	29 522	28 065	28 032	28 138
Avskrivningar	13 061	13 185	13 439	13 513
Sum driftsutgifter	319 170	310 673	312 392	313 715
Brutto driftsresultat	-3 509	-7 768	-13 335	-9 879
Renteinntekter	-1 278	-1 726	-1 581	-1 436
Ubytte	0	0	0	0
Vinster og tap på finansielle omløpsmidlar	655	202	-28	-46
Renteutgifter	5 069	6 755	7 822	7 662
Avdrag på lån	11 078	12 980	13 713	14 264
Netto finansutgifter	15 524	18 211	19 926	20 444
Motpost avskrivningar	-13 061	-13 185	-13 439	-13 513
Netto driftsresultat	-1 045	-2 742	-6 848	-2 948
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	35	35	35	35
Bruk av bundne driftsfond	-106	-106	-106	-106
Avsetjingar til disposisjonsfond	1 331	3 027	7 133	3 233
Bruk av disposisjonsfond	-215	-215	-215	-215
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar	1 045	2 742	6 847	2 948
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	-0	-0	-0	-0

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Inntekter

Generelle inntekter

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Rammetilskot	-119 711	-116 936	-111 968
Inntekts- og formuesskatt	-87 982	-92 554	-99 625
Eigedomsskatt	-17 721	-20 644	-20 720
Andre generelle driftsinntekter	-9 786	-4 330	-7 300
Sum generelle driftsinntekter	-235 200	-234 464	-239 613

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Rammetilskot	-111 968	-112 043	-112 046	-111 350
Inntekts- og formuesskatt	-99 625	-99 625	-99 625	-99 625
Eigedomsskatt	-20 720	-21 470	-22 820	-24 695
Andre generelle driftsinntekter	-7 300	-6 200	-11 600	-7 200
Sum generelle driftsinntekter	-239 613	-239 338	-246 091	-242 870

Rammetilskot

Inntektsutjamninga er teknisk sett ein del av rammetilskotet, men vert kommentert under skatt.

Rammetilskotet vert redusert med om lag 1,8 mill. i nominelle kroner (ikkje omsynteke prisstiging) frå 2021 til 2022. I 2021 fekk kommunen mellom anna 4,9 mill. for å dekke utgifter til koronapandemien. Reduksjonen er større enn prisstiginga skulle tilseia. Folketalet er redusert frå 1. juli 2020 til 1. juli 2021. I tillegg er ikkje småkommunetilskotet prisjustert.

Aktive tiltak: Ekstraløyving jmf notat frå rådmann/økonomisjef. Tilleggsnummer til statsbudsjettet

	2022	2023	2024	2025
Rammetilskot	- 580 000	- 580 000	- 580 000	- 580 000
Skatteinngang	- 1 370 000	- 1 370 000	- 1 370 000	- 1 370 000

Aktive tiltak: Meir rammetilskot jmf notat rådmann ang Barnevernsreform.

	2022	2023	2024	2025
Rammetilskot	- 698 000	- 698 000	- 698 000	

Aktive tiltak: Halda Barnetrygd utanom sosialhjelp korrigert etter budsjettforlik. Barnetrygd vert ikkje trekt frå sosialhjelp

	2022	2023	2024	2025
Rammetilskot	- 75 000	- 225 000	- 225 000	- 225 000

Aktive tiltak: Auka rammetilskot minus mindreinntt. SFO jmf budsjettavtale

2022	2023	2024	2025
- 455 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Skatt

Forventa skatteinngang er berekna ut frå KS si prognose, men med forventa folketal i Fitjar på 3114 personar per 1. januar 2022.

Både statsbudsjett og KS si prognose har høgare skatteanslag enn rådmannen. Korkje statsbudsjett elle KS har teke omsyn til folketalsnedgang i haust, KS ventar 3146 innbyggjarar i Fitjar ved årsskiftet, medan det trengs 3164 innbyggjarar for å nå statsbudsjettet sitt tal.

Aktive tiltak: Skatteinngang. Høg aktivitet i næringslivet og positiv utvikling gjennom 2021 gjer at me vurderer denne noko høgare

	2022	2023	2024	2025
Skatteinngang	- 4 654 000	- 4 654 000	- 4 654 000	- 4 654 000
Innt.utjamning	4 154 000	4 154 000	4 154 000	4 154 000

Eigedomsskatt

Det ligg inne auke i skattegrunnlaget som følgje av ny næringsverksemd utover i perioden.

Vedteke sats for andre eigedommar (til dømes hus og hytter) ligg på 2,0 i 2022, 2,2 i 2023 og 1,8 i 2024. Rådmannen føreslår å auke denne satsen til 3,0 promille dei to første åra. Frå 2024 går ein tilbake til 1,8 promille, som låg inne i økonomiplan 2021-2024.

Aktive tiltak: Auke eigedomsskatt på hus og hytter til 3,0 promille i 2022 og 2023

2022	2023	2024	2025
- 2 500 000,-	- 2 000 000,-		

Aktive tiltak: Eigedomsskatt på 2 promille heile perioden.

2022	2023	2024	2025
2 500 000	2 500 000	- 500 000	- 500 000

Aktive tiltak: Redusere halv eigedomsskatt til 5 år. Endre rabatt for nye hus til å gjelde først 5 år i staden for første 10 år.

	2022	2023	2024	2025
Eigedomsskatt	- 170 000	- 170 000	- 170 000	- 170 000

Andre generelle driftsinntekter

Inntekter frå Havbruksfondet er uendra i høve til kommunestyret sitt vedteke økonomiplan; 1,9 mill. kvart år, og eit tillegg på 4,4 mill. dei åra ein har utbetaling frå auksjonar (2022 og 2024).

I statsbudsjettet er det lagt fram forslag om å innføre ei produksjonsavgift på vindkraft på land, med eitt øre per produsert kWh. Avgifta er sakt at skal krevjast inn av staten, som deretter fordeler avgifta til vertskommunar. Første utbetaling vert i 2023. NVE har berekna forventa årleg produksjon i Midtfjellet til 433 GWh. Rådmannen har difor lagt inn 4,0 mill. i inntekter frå denne avgifta årleg frå 2023.

Aktive tiltak: Produksjonsavgift på vindmøller. Justert utfrå produksjonskapasitet oppgitt til 433GWh

2022	2023	2024	2025
	- 300 000,-	- 300 000,-	- 300 000,-

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Finans

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Renteinntekter	-814	-699	-1 278
Utbytte	-119	0	0
Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	760	1 240	655
Renteutgifter	4 225	3 260	5 069
Avdrag på lån	11 353	12 453	11 078
Netto finansutgifter	15 405	16 254	15 524
Motpost avskrivningar	-12 401	-13 117	-13 061

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Renteinntekter	-1 278	-1 726	-1 581	-1 436
Utbytte	0	0	0	0
Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	655	202	-28	-46
Renteutgifter	5 069	6 755	7 822	7 662
Avdrag på lån	11 078	12 980	13 713	14 264
Netto finansutgifter	15 524	18 211	19 926	20 444
Motpost avskrivningar	-13 061	-13 185	-13 439	-13 513

Renter:

Rentebana ein legg til grunn, er utleia frå Norges Bank si prognose i august. Rentene skal opp i perioden.

	2021	2022	2023	2024	2025
Forventarente	0,88 %	1,81 %	2,35 %	2,60 %	2,65 %

Berekning av utgifter og inntekter på rentebytteavtalar, nyttar ein og same rentebane.

Låneavdrag drift

Ny kommunelov gjev ny berekning for minimumsavdrag. Nytt avdrag vert berekna slik:

$$\text{Avskrivningar} * (\text{lånegjeld} / \text{eigendalar})$$

Grunna store investeringar dei kommande åra, vil avdragsutgiftene auke markant.

Aktive tiltak: Fondsfinansiere 22 mill. av investeringane i 2021

2022	2023	2024	2025
- 1 199 000,-	- 1 136 000,-	- 1 074 000,-	- 1 021 000,-

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Disponering

	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Overføring til investering	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	1 194	11	35
Bruk av bundne driftsfond	-3 053	-954	-106
Avsetjingar til disposisjonsfond	9 158	0	1 331
Bruk av disposisjonsfond	-45	-1 886	-215
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	7 254	-2 830	1 045

Ført til inndecking i seinare år

Økonomiplan:

	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	35	35	35	35
Bruk av bundne driftsfond	-106	-106	-106	-106
Avsetjingar til disposisjonsfond	1 331	3 027	7 133	3 233
Bruk av disposisjonsfond	-215	-215	-215	-215
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	1 045	2 742	6 847	2 948

Ført til inndecking i seinare år

Bruk av bundne driftsfond gjeld midlar til dei einskilde sjølvkost-områda, og ikkje nytta øyremerkte tilskot.

Avsetjing til og bruk av disposisjonsfond vert resultatet av alle andre disponeringar i budsjettet. Denne er budsjettert med om lag 1,3 mill. i 2022, og aukar til 3,0 mill. i 2023, og 7,1 mill. i 2024. Forventa avsetjing til disposisjonsfondet i 2024 er 3,2 mill.

Kommunestyret sitt måltal for overskotet er 1 % av brutto driftsinntekter, og er ca. 3,2 mill. per år. Budsjettet når dette målet først i 2024.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Einingane sine driftsbudsjett

Helse, sosial og omsorg

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Helse og sosial	13 895	16 576	14 695
Institusjon	25 739	25 943	25 348
Heimebaserte tenester	20 628	21 203	21 856
Habilitering	29 168	25 725	27 257
Helsespesialistar	6 115	8 107	8 790
NAV	5 549	6 639	7 271
Sum Helse, sosial og omsorg	101 093	104 193	105 217

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Helse og sosial	14 695	14 931	14 931	15 781
Institusjon	25 348	25 348	25 348	25 348
Heimebaserte tenester	21 856	21 856	22 510	22 510
Habilitering	27 257	26 638	26 638	26 638
Helsespesialistar	8 790	8 065	8 065	8 065
NAV	7 271	7 611	8 200	8 200
Sum Helse, sosial og omsorg	105 217	104 450	105 692	106 543

Mål for etaten:

Digitalisering

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparinger vert synleggjort i budsjettet.

- Bruk av omsorgsteknologi skal bidra til å trygge og tilpassa tenester og føre til at innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim.

Kompetanse og måloppnåing

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidrarar som når måla for tenestene.
- Kompetanseemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

Helse- og omsorg

- Auka innsats på førebygging, eigenmeistring og aktivitet for å motverkar passivitet og einsemd, og slik bidra til at innbyggjarane i kommunen har mindre behov for helse- og omsorgstenester.
- Ny dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa: Omsorgsbustad – døgnbemanns omsorgsbustad – institusjon, dette vil gje reduserte kostnadar i helse- og omsorgstenestene.
- Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge og hindre utanforskap.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Etaten for Helse- sosial- og omsorgstenester er kommunen sin største sektor, og yter grunnleggjande velferdstenester til innbyggjarane. Endringar i demografi og kommuneøkonomi vil vera dei sterkeste drivkraftene for endring i kommunen sine tenester framover.

I 2022 vil etaten utarbeide ein ny helse- og omsorgsplan for dei komande 10 åra. Helse og omsorgsplanen vil vera ein overordna plan som legg føringar for korleis helse- og omsorgsetaten legg opp tenestenivået for å sikre at Fitjar kommune kan ha ei berekraftig helse- og omsorgs tenester framover. Demografisk endring med ei sterk auke i talet på eldre over 67 år, vil endra helse- og omsorgstenestene. Dei demografiske endringar vil måtte føre til ei omfordeling mellom dei største sektorane i Fitjar kommune, og dette viser i administrasjonen sitt forslag til økonomiplan 2022-2025. Helse og omsorgsplanen for 2022-2032 må implementerast i dei framtidige økonomiplanane.

I Mål og tiltak i økonomiplanen vil kommunen auka innsatsen på førebygging, eigenmeistring og aktivitet for å motverke passivitet og einsemid gjennom folkehelsesatsing, samarbeid med frivillig sektor og utbygging av dei nedste trinna i omsorgstrappa. I 2022 vil etaten utgreie og sjå på moglege samlokalisering av eit dag- og aktivitetstilbod til ulike brukargrupper. Målet med felles aktivitet og dagtilbod er å få til gode synergieffektar og effektiv drift. Dersom ein lukkast her vil dette føre til lågare vekst ved dimensjonering av dei øvste og mest kostnadskrevjande trinna i omsorgstrappa.

Ei teneste er særleg styrka i budsjettet for 2022: legetenesta med to nye kommunalt tilsette fastlegar på til saman 1,8 årsverk.

Etaten har vurdert ei rekkje tiltak for å koma i økonomisk balanse. Vi ser at det er vanskeleg å trekkja ut store ressursar sjølv når brukarbehova vert redusert – ein møter den grunnleggjande bemanningsfaktoren særleg i institusjonstenesta og habilitering. Også nye brukarbehov skapar uføresett vekst i tenestene. Den økonomiske situasjonen medfører at ein har sett inn ein del eittårige tiltak for å kome i balanse i 2022.

Kommunen vert stadig tilført nye oppgåver, som krev spesialisert kompetanse innanfor einskilde felt. I 2020 vart det lovpålagt at kommunane skulle ha tilbod om psykolog og denne tenesta har ein ikkje funne rom for i budsjettperioden. For 2022 syner statsbudsjettet auka betalingsplikt for kommunane ved auke i innslagspunktet til ressurskrevjande brukarar og ny Barnevernsreform. Endringar i barnevern/oppvekstreforma vil påverke arbeidsmetodane i førebyggjande arbeid i helse- og oppvekstfeltet.

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Helse og sosial	13 895	16 576	14 695
Økonomiplan:			
	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024
Helse og sosial	14 695	14 931	14 931
			15 781

Teneste 1200 Administrasjon:

Helserådgjevarstillinga styrkar det langsiktige arbeidet med folkehelse, samt arbeid med planar, høyringar, saksbehandling i samsvar med sentrale føringar med nye krav og oppgåver på helse, sosial og omsorg. Den gjennomfører miljøretta helsevern jf. Statsforvaltar sitt tilsyn, samt leiar

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Fitjar legekontor. Stillinga som helserådgjevar vert framleis delfinansierast med prosjektfinansiering gjennom eksterne midlar. Prosjektfinansieringsdelen for 2022 er på kr 178.347,-. I 2021 har stillinga vore nytta til massevaksinering mot Covid19.

Helserådgjevar har ei viktig rolle når det gjeld å få tak i midlar frå eksterne tilskotsordninga. I 2021 har etaten søkt, og fått nye prosjektmidlar på omlag 3,2 mill. som vert nytta til naudsynt og nyskapande tiltak i drifta. Dette har ført til at ein har hatt moglegheit til å styrke pasientnært førebyggande arbeid og planarbeid på fleire fagområde. Prosjekta er ikkje budsjettert med verken inntekter eller utgifter pga. at dei er uføreseielege.

Ut frå den demografiske endringa og aukande behov for vedtak om kommunale tenester føres i år rådmannen å leggje inn ei 100 % stilling fordelt på tildelarkontoret og personalavdelinga i slutten av økonomiplanperioden.

Aktive tiltak for: Diverse nedtrekk

2022	2023	2024	2025
- 90 149,-			

Aktive tiltak for: 1 årsverk sakshandsamar tenestekontor

2022	2023	2024	2025
			850 302,-

Teneste 2334 Miljøretta helsevern:

Smittevern/kommuneoverlege skal stette arbeidet med samfunnsmedisin og miljøretta helsevern. I tillegg kjem det arbeid og oppfølging kring smittevern, beredskap, rutinar og utvikling av Fitjar legesenter, og samarbeid med helsetenestene.

Teneste 2347 Støttekontakt/ 2540 Omsorgsløn

Dette er økonomiske tiltak som er viktig i omstettingsarbeidet vårt, der ein nytter støttekontakt og omsorgsløn som både avlastning og kompensasjon for å legge til rette for familiær som treng avlastning, samt at tenestemottakaren får eit tilbod om aktivitet. Begge tiltaka har som mål om å utsette behov for helsetenester. Difor vert reduksjon i støttekontakt og omsorgsløn lagt inn som eit eittårig tiltak.

Aktive tiltak: Reduksjon i støttekontakt i 2022:

2022	2023	2024	2025
- 120 350,-			

Aktive tiltak: Reduksjon i omsorgsløn 2022:

2022	2023	2024	2025
- 26 163,-			

Teneste 2411 Legevakt:

Sunnhordland Interkommunale Legevakt IKS og Interkommunal døgnavdeling (IDA) må sjåast i samanheng. Selskapet har ikkje lagt inn prisvekst og ligg på same kostnadsnivå som i 2021.

Teneste 2440 Barnevernsteneste:

Sunnhordland interkommunale barnevern (SIB) er barnevernstenesta for kommunane Bømlo, Fitjar og Stord, der Stord er vertskommune.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Barnevernet skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår og sikra at dei som lever under tilhøve som kan skada helse og utvikling får naudsynt hjelp og omsorg.

Gjennom ny nasjonal barnevern/oppvekstreform skjer det ei kommunalisering av oppgåver frå staten, og store endringar i finansiering og tenestutøving i barnevernfeltet med verknad frå 01.01.2022.

Reforma inneber at kommunen vert fullt ut ansvarleg for alle kostnader knytt til barn i fosterheimar, beredskapsheimar og institusjonsplassar. For statlege (Bufdir.) fosterheimar og beredskapsheimar vil det vera ein kostnad pr. månad på kr 85 000,- pr. plass, noko som gir ein auke på 135 %. Institusjonsplassar vil ha ei kostnadsramme pr. månad på kr 170 000,- pr. plass, dette gir ein auke på 121 %.

Frå 2011 har Statsforvaltar fullfinansiert sju øyremerka stillingar i driftsbudsjettet til SIB. Disse stillingane vert ikkje vidareført med slik finansiering inn i ny reform, men stillingane må oppretthaldast og vert frå 2022 lagt inn i ordinært driftsbudsjett. Dette utgjer ein kostnadsauke for Fitjar kommune på om lag kr 500 000,-.

I budsjett for 2022 har rådmannen lagt inn kostandar knytt til drift av SIB tilsvarande 2021, inkl. løns og prisvekst og vidareføring av dei sju interkommunale stillingane. Når det gjeld tiltaksbudsjettet for Fitjar kommune for budsjettåret 2022 har rådmannen lagt inn utgifter knytt til kjende tiltak for barn/ familiær per. september 2021. Rådmannen ser at dette kan verte ein krevjande driftssituasjon om eventuelle nye omsorgsovertakingar eller institusjonsplasseringar tiltak må dekkast innanfor tildelt budsjettramme. Dersom dette skjer må administrasjonen koma tilbake til det i revidert budsjett.

Teneste 2510 Barnevernstiltak i heimen:

Dette tiltaket er redusert med kr 350 000,-, for 2022. Detter er ein budsjettpost som kan endra kostnadsbiletet om det vert behov for fleire tiltak.

Teneste 2520 Barnevernstiltak utanfor heimen:

Dette tiltaket er auka med kr 100 000,- opp til 3,1 mill. jf. prognosene for 2022. Fitjar kommune har ordinære fosterheimar som ikkje kjem inn under Bufdir. sine tiltak innanfor fosterheimar, beredskapsheimar eller institusjon. Men dersom behovet for slike plasser kjem i løpet av 2022, er dette ikkje tatt høgde for i budsjettet.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Pleie og omsorgstenestene

Det vil vera heilt avgjerande at ein får snudd presset på institusjonstenestene gjennom m.a. utvikla lågare trinn i omsorgstrappa. Like viktig er det med forventningsavklaringar i høve til kva kommunen skal bidra med, og kva brukarane sjølve må planlegge for i sin alderdom, til dømes bustad.

I forhold til spesialisthelsetenesta vert pasientane skrive ut tidlegare, dette aukar behov for spesialisering hjå helsepersonell i kommunen.

Fitjar kommune har i dag 20 langtidsplassar og to kortidsplassar på sjukeheimen, i tillegg har ein ei ½ seng på IDA som vert nytta som kortidsplass. KOSTRA tal for 2020 syner at 12,6 % av dei som er over 80 år bur på institusjon. Om Fitjar kommune ikkje klarar å snu presset på institusjonsplassar vil dette føre til at ein i neste 10 års periode må auke med nye 16,1 institusjonsplassar jf. den demografiske utviklinga. KOSTRA tal frå 2020 syner også at andelen av innbyggjarar over 80 år som mottek helsetener er 32,3 % i kommunen. Dersom ein ikkje endrar arbeidsmetode i helsetenesta vil dette føre til at tenesta i den neste 10 års perioden vert fordobla i heimetenesta.

"Plan for implementering av omsorgsteknologi for Fitjar kommune" er utarbeida og vedtatt. Bruk av omsorgsteknologi vil endra arbeidsmetodane i tenestene, og vil ha høg prioritet i 2022 og vidare i økonomiplanen for å kunne gje lovpålagte tenester til innbyggjarane innanfor budsjetttrammene.

På sjukeheimen har mange tilsette 100 % stillingar. Ut frå dei økonomiske rammene ein har til rådvelde, og målet med å unngå vekst i tenestene, kan ein ikkje lenger rekruttere i store stillingsbrøkar. Etaten erfarer no at det er meir utfordrande å rekruttere fagpersonell til helsetenestene. Det å rekruttere fagpersonell til stillingar mellom 50 % og 80% er nesten umogleg, dette har også ein samanheng med at nabokommunar tilbyr 100 % stillingar.

Dersom tilsette skal ha 100% stillingar betyr det at ein må akseptere meir helgeberøring i turnusen. Evt. innføre meir gjennomgripande turnusordningar.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Institusjonstjenester

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	
	2020	2021	2022	
Institusjon	25 739	25 943	25 348	
Økonomiplan:				
	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Institusjon	25 348	25 348	25 348	25 348

I slutten av 2019 flytta demensavdelinga inn i nybygg på FBB. Erfaringa etter bruk av avdelinga i to år er at ein har fått ein moderne avdeling med ei heilskapleg velferdsteknologisk løysing.

Som resten av landet erfarer Fitjar kommune at behovet for langtidsplass på dementavdeling er aukande.

Teneste 2530 Pleie, omsorg, hjelpe i institusjon

Pasientgruppa som vert lagt inn på sjukheimen er endra. Pasientane er sjukare og det vert forventa at kommunen overtek pasientar frå spesialisthelsetenesta på eit tidlegare tidspunkt og ferdigbehandlar dei i kommunen. Dette krev at kommunen må ha nok kompetanse til å handtere sjukdomsbiletet.

Det vart i 2020 lagt inn ein bemanningsfaktor på sjukeheimen på 0,85 årsverk pr. brukar - ein gjennomsnitt sjukeheim i landet har 0,80 jf. RO-sin rapport frå 2019. I 2021 vart det endringar i brukarbehov som har kravd reduksjon av bemanninga, men det har ikkje vore mogeleg å trekkja ut bemanning lenger enn til ein møter grunnbemanningsfaktorane. Ein har difor oppretthalde den ordinære grunnbemanninga på FBB, men foreslår reduksjon i vikarbruk. Dette er også i tråd med satsinga på redusert sjukefråvær.

For å møte dei framtidige behova ser ein det som naudsynt å ha fleire kortidsplassar. Ved å auke opp med to kortidsplassar innan eksisterande grunnbemanning vil sjukeheimen ligge på ein bemanningsfaktor på under 0,8.

Rådmannen har lagt inn ein reduksjon i administrasjonsutgifter på 0,5 årsverk. Dette inneber at avdelingsleiarar på sjukeheimen får mindre administrasjonstid og går inn i vakante vakter i avdelingane.

Andre tiltak som er lagt inn i tenesta er reduserte ressursar til ekstrahjelp og sjukevikar. Dette kan by på utfordringar når det kjem pasientar med omfattande sjukdomsbilete frå sjukehuset.

Aktive tiltak: auka opp med to kortidsplassar:

2022	2023	2024	2025
- 150 000,-	- 150 000,-	- 150 000,-	- 150 000,-

Aktive tiltak: reduksjon i 2 x 0,25 årsverk administrasjon:

2022	2023	2024	2025
- 277 329,-	- 277 329,-	- 277 329,-	- 277 329,-

Aktive tiltak: nedtrekk sjukevikar og ekstrahjelp:

2022	2023	2024	2025
- 501 547,-	- 501 547,-	- 501 547,-	- 501 547,-

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Teneste 2532 Institusjonskjøken:

Institusjonskjøkenet leverer mat til sjukeheimen, Havnahuset og heimebuande, i tillegg vert det kvar onsdag levert mat til "Aktive saman – matglede". Ernæring er ein viktig nøkkel i god eldreomsorg, noko som det er stor nasjonal satsing kring.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Heimebaserte tenester

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	
	2020	2021	2022	
Heimebaserte tenester	20 628	21 203	21 856	
Økonomiplan:				
	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Heimebaserte tenester	21 856	21 856	22 510	22 510

Det overordna målet for tenesta er at ein legg til rette for at innbyggjarane skal bu heime så lenge det er fagleg forsvarleg.

Heimetenesta er den tenesta som har dei største variasjonane både i alderssamansetting og behov. I 2021 ytte heimebaserte tenester ulike hjelpetiltak til omlag 65 brukarar, som er fordelt på heimesjukepleie, heimehjelp/praktisk bistand, mat levert frå kjøkenet v/sjukeheimen og tryggleiksalarmer.

Teneste 2341 Dagsenter for demente:

Ein har ei auke i demente heimebuande brukarar i kommunen. For å avlaste pårørande og for å utsetja behov for institusjonsplassar, er dette eit viktig tilbod og tiltak i ein tidleg i sjukdomsfasen. Som ein del av målsettinga om å styrke lågare trinn i omsorgstrappa auka ein frå hausten 2019 dagtilbodet frå tre til fem plassar. I slutten av økonomiplanperioden styrkar vi bemanningsressursane for å samordna alle kommunale aktivitetstenester.

Aktivt tiltak: 1 årsverk, koordinator for alle kommunale dag- og aktivitetstilbod:

2022	2023	2024	2025
		654 078,-	654 078,-

Teneste 2540 Pleie og omsorg i heimen:

Ein har lagt inn ein reduksjon med eit årsverk frå 2021 og ytterlegare 0,5 årsverk i 2022. Tiltaket er knytt til vurderingar av direkte brukartid og vedtaksstyring i tenesta jfr. RO-rapport frå 2019. Reduksjonen frå 2021 er innarbeida i KB.

Aktiv tiltak: reduksjon 0,5 årsverk - mobil pleie/direkte brukartid:

2022	2023	2024	2025
- 211 631,-	- 211 631,-	- 211 631,-	- 211 631,-

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Habiliteringstenesta

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Habilitering	29 168	25 725	27 257

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Habilitering	27 257	26 638	26 638	26 638

Habiliteringstenesta yt tenester til personar med omfattande og samansette behov, her under og for ressurskrevjande brukarar, dagtilbod i Bakken og VTA arbeidsplassar på Podlen Verkstad AS.

Det vart i 2019 lagt eit uttalt mål om at det ikkje skal vera vekst i tenesta, og at endra behov må dekkast med omfordeling eller sambruk av bemanningsressursar. Dette krev individuelle vurderingar og målretta vedtaksstyring. I Budsjettet for 2020 vart tenesta redusert med om lag 10 årsverk pga. bortfall av brukarbehov, og det er gjennomført. Tenesta har hatt ein gjennomgang og omfordelt ressursar i tenesta. Likevel syner erfaringar at det er særskilt vanskeleg å unngå nye tiltak når ein får nye brukarar med behov for naudsynt helsehjelp. Tenesta har høg grad av individuell tilpassing. Viktige faktorar som ein må ta høgde for er at dette er ei brukargruppe som er avhengig av kontinuitet, stabilitet og føreseielege rammer. Å drive "Målretta miljørarbeid", med endringsfokusert tilnærming i høve åtferd, krev stabile rammer.

Teneste 2340 Aktivisering til eldre og funksjonshemma

Ein føresetnad for å ikkje få ei vekst i tenesta er å få på plass eit godt aktivitetstilbod, slik at ein kan få fram gode tiltak som famnar om fleire personar, og at ein då unngår for mange einetiltak som krev høg bemanningsfaktor. I dag er aktivitetstilboden til denne brukargruppa knytt til Bakken. Ein erfarer at ein har utfordringar å nytte denne bustaden fullt ut med omsyn til noverande brukarbehov.

Aktive tiltak: Nye brukarbehov drift av Bakken dagtilbod, 0,15 årsverk

2022	2023	2024	2025
195 645,-	195 645,-	195 645,-	195 645,-

Teneste 2540 Pleie og omsorg i heimen

Tenesta har i 2021 hatt endringar i tenestebehovet, der ein har tatt ut ressursar for ressurskrevjande brukar. I 2021 har ein fått nye brukarbehov på Gartneritunet noko som vart presentert i revidert budsjett 2021. Denne auken held fram i 2022 og er ikkje lagt inn i KB.

Kommunen har også i 2022 brukarar som kjem inn under refusjonsordninga med særskilt ressurskrevjande tenester, ut frå erfaringar og som prognosene viser, utgjer dette ein brutto kostnad på ca. 31 mill. Etter anslått refusjon kostar denne tenesta kommunen netto om lag 14 mill., og då er eigenandel og rammetilskot trekt frå. I dette kostnadsbiletet er ikkje brukarar som fell utanom statleg toppfinansieringsordning tatt med, det gjeld personar over 67 år. Fitjar har også ressurskrevjande brukarar i denne aldersgruppa.

I statsbudsjettet er innslagspunktet for toppfinansieringsordninga auka med kr 50 000,-pr-brukar utover prisjusteringa, noko som utgjer ein ekstra kostnad på kr 250 000,- for 2022.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

I eit av omstillingssområda vil ein arbeide for endra tenestestrukturen for nokre tenester til ressurskrevjande brukarar og det vert vist som tiltak i økonomiperioden. For å nå denne innsparinga for kommunen, krev det ei langt høgare innsparing som reduserer statleg toppfinansiering først.

Aktive tiltak: Nye brukarbehev 0,5 årsverk

2022	2023	2024	2025
357 126,-	357 126,-	357 126,-	357 126,-

Aktive tiltak: reduksjon i tenester til ressurskrevjande brukarar

2022	2023	2024	2025
	- 619 314,-	- 619 314,-	- 619 314,-

Aktive tiltak: Ekstraløyving jmf notat frå rådmann/økonomisjef . Tilleggsnummer til statsbudsjettet

	2022	2023	2024	2025
Tilskot	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000

Aktive tiltak: Kostnadar til LIS1-lege.

2022	2023	2024	2025
190 000	190 000	190 000	190 000

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Helseespesialistene

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	
	2020	2021	2022	
Helseespesialistar	6 115	8 107	8 790	
Økonomiplan:				
	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Helseespesialistar	8 790	8 065	8 065	8 065

Teneste 2416 Legeteneste:

Etter at dei to næringsdrivande legane sa opp stillingane sine i 2021, har ein tilsett to nye fastløna legar i kvar sine 100 % stillingar frå hausten 2021. Der den eine fastlegen har funksjonen kommuneoverlege/smittevern i 20 % av stillinga. I tillegg har ein fått tildelt ein LIS1 lege i 100 % stilling frå september til mars, denne stillinga er finansiert med statlege midlar. Årsverk på 1,8 årsverk til fastlegane er innarbeida i KB.

Aktive tiltak: Utgifter til vikarlege 5 månadar jmf info frå Rådmann

2022	2023	2024	2025
550 000			

Aktive tiltak: Utgifter til innleidt kommuneoverlege og smittevernlege 5 månadar jmf info frå Rådmann

2022	2023	2024	2025
175 000			

Teneste 2417 Fysioterapeut

Tenesta vert vidareført med ei 100 % kommunal fastløna stilling, 220 % stilling til kommunale driftstilskot fordelt på tre fysioterapeutar og ei 0,50 stilling som ergoterapeut. Disse stillingane er ein viktig bidragsytarar i det førebyggjande arbeidet og dimensjonering av tenestene. Der det ver søkt om hjelpemidlar og lagt til rette i heimen, dette er også ein del av teknologiske innretningar. Dette er viktig arbeid i for at innbyggjarar med behov for helsetenester kan bu i eigen heim.

Psykiatritenesta 2545

Ein ser at det er ei vesentleg vekst i nye brukarar og behov på individnivå. Det vart frå 2019 nytt krav til kommunane om at det er betalingsplikt for overliggjardøgn i spesialisthelsetenesta innan rus/ psykiatri, noko som utfordrar lokal behandlingskapasitet- og kompetanse. Spesialisthelsetenesta utgreier og gjev diagnose, medan kommunane i langt større grad enn før skal følgje opp og gje tilbod om behandling/oppfølging. Ein ser at det er eit aukande behov at tiltak for brukargrupper med samansette behov aukar. Ein søkte i 2020 om statlege midlar for å styrke tenesta, slik at ein no har kunne auka med 20 % stilling og har to 100 % stillingar ut 2023.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Nav

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
NAV	5 549	6 639	7 271

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
NAV	7 271	7 611	8 200	8 200

Teneste 2420 Sosial rådgjeving og rettleiing:

Denne posten må sjåast i samanheng med 2760/kvalifiseringsprogrammet og 2810 økonomisk sosialhjelp. Målet er å hindre at nokon lever under fattigdomsgrensa ved å styrke brukarar si tilknyting til arbeid eller utdanning slik at dei kan forsørge seg sjølv.

Tenesta har over tid hatt eit stort fokus på individretta tiltak og ressursinnsats, med meir individuell oppfølging både for økonomisk rettleiing og aktivitetsplikt. Eit av fleire tiltak er redusert opningstid på NAV, for å få meir tid til planlagde brukarmøte. Ein nyttar eit digital verktøyet "DigiSos", som tek imot søknadar om sosialhjelp elektronisk.

NAV har siste åra hatt ei ungdomssatsing (jobbstrategien), og prosjektstillingane har gått inn som ein del av den målretta satsinga på unge.

«Laget» er eit tiltak for å få unge under 30 år i aktivitet. Kommunen har erfarte at tiltaket har gjeve positiv effekt. Det å ha ein aktivitet å gå til, gjev mening med å stå opp og såleis få ein normal døgnrytme. Aktivitetane ein har gjennomført gjev meistring, dei som deltek i teamet støttar og rettleiar kvarandre, som igjen skapar positive sosiale relasjonar. Samla sett ser ein tiltaket er førebyggande både i forhold til barnefattigdom, psykisk sjukdom og rus. Tiltaket har synt å vera effektivt, gjennom at ein har fått fleire personar i arbeid. Dette er eit av dei verknadsfulle tiltaka som har ført til at kommunen har klart å stabilisere budsjettet til sosialhjelp.

Prosjektet NAV i vidaregåande skule gjekk ut våren 2021. Kommunen har fått midlar til ei ny prosjektstilling/ungdomskoordinator. Målet med stillinga er å fange opp unge som fell utanfor arbeid og utdanning i ei tidleg fase. Ein nyttar erfaringar frå prosjektstillinga NAV i vidaregåande og har tatt ein del av stillinga til å arbeide målretta inn mot vidaregåande skule i tillegg til anna oppfølgings arbeid.

Tiltaket med "Laget" og "Ungdomskoordinator" vert i dag finansiert med tilskotsmidlar for samansette tenester, noko som medfører at tiltaket er avhengig av vidare prosjektfinansiering. Det er behov for å stabilisere tilboda med faste stillingar for å kunne oppretthalde den viktige aktiviteten kring disse ungdommane. Dette tiltaket er lagt inn i slutten av økonomiplanperioden.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp:

Sosialhjelp skal vera ei subsidiær yting. Dette inneber at den einskilde må nytte alle andre mogelegheiter før ein har rett på stønad. Stønaden skal vera mellombels, og bør ta sikte på å gjera vedkomande sjølvhjelpen snarast mogleg.

Fra 01.10.21 har ein registrert 69 aktive brukarar og ein har mottatt 426 søknadar om sosial stønad, av disse er det 4 brukarar som går på rein sosialhjelp. Dette sett opp mot at det i 2018 vart registrert 116 aktive brukarar, der av var det 16 brukarar som gjekk på rein sosialhjelp. Kontoret fatta 1009 vedtak om sosial hjelp i 2018. Dette syner at tiltak i omstillingssområdet har hatt positiv verknad for enkeltindividet og tenesta.

Dette handlar i stor grad om at ein har klart å snu ein prosess, gjennom å ha tettare oppfølging av den enkelt brukaren, der ein har nytta både digitale og miljøterapeutiske tiltak som gjev resultat. Ein ser at måten ein no har arbeida på gjer at ein no trur at ein kan redusere sosialutbetalinga.

Samstundes har ein del brukarar av NAV flyttet fra kommunen dei siste åra, og det har redusert etterspurnaden etter ein del tenester.

Aktive tiltak: Reduksjon i sosialutbetalingar i 2022:

2022	2023	2024	2025
- 240 000,-			

Aktive tiltak: Halda Barnetrygd utanom sosialhjelp korrig etter budsjettforlik. Barnetrygd vert ikkje trekt fra sosialhjelp

	2022	2023	2024	2025
Sosialhjelp	225 000	225 000	225 000	225 000

Teneste 2430 Tilbod til personar med rusproblem:

Gjennom opptrappingsplanen for rusfeltet, har ein søkt om stillingar over fleire år og fått midlar. Stillingane går inn i den tverrfaglege oppfølginga av tilbod til personar med rusproblem, samt at dei og jobbar med førebygging opp mot unge i NAV.

Innbyggjarar med alvorlege rusproblem er ei krevjande gruppe som genererer mykje arbeid hjå NAV. Mangel på permanente bustader for dei som manglar buevne, som er i aktiv rusing, fører til eit kontinuerleg press tenesta. Ein observerer at det er fleire i denne brukargruppa som har ei svekka helse og treng tettare og omfattande helseoppfølging. Det er lagt inn i investeringsbudsjettet i 2022 utredning for bustadar for denne gruppa.

For brukargruppa har det vore positivt at kommunen starta med LAR-utdeling til fast tid på dagen ved Fitjarsjøen 38, og at noko av helseoppfølging kan gjennomførast der.

Aktive tiltak: Nedtrekk kjøp av HAP-tenester:

2022	2023	2024	2025
- 100 000,-			

Aktive tiltak: 1 årsverk til NAV i vidaregåande/Laget og rusførebygging:

2022	2023	2024	2025
		588 670,-	588 670,-

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Teneste 2422 Flyktningteneste:

Tenesta vert vidareført med 0,6 stilling lagt til NAV kontoret.

Teneste 2760 Kvalifiseringsprogrammet:

Denne posten må sjåast i samanheng med 2810 økonomisk sosialhjelp og 2420 sosial rådgjeving. Krav til aktivitet er heilt sentralt, frå januar 2017 vart det lovfesta at kommunen skal stille krav til at sosialhjelpsmottakarar under 30 år skal delta i aktivitet (aktivitetsplikt), med mindre tungtvegande grunnar talar mot dette. Det er for 2022 lagt inn 1,5 tiltak på denne ordninga.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Oppvekst og kultur

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Skule og oppvekstadministrasjon	27 392	29 542	28 035
Rimbareid skule	34 276	36 319	37 013
Øvrebygda skule	5 713	5 997	6 546
Selevik skule	4 469	4 524	4 856
Fitjarstølane barnehage	5 551	6 812	7 357
Kultur	3 459	2 490	2 737
Sum Oppvekst og kultur	80 860	85 683	86 544

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Skule og oppvekstadministrasjon	28 035	24 635	24 246	25 270
Rimbareid skule	37 013	36 499	36 193	35 462
Øvrebygda skule	6 546	6 608	6 608	6 608
Selevik skule	4 856	4 908	4 908	4 908
Fitjarstølane barnehage	7 357	7 357	7 357	7 357
Kultur	2 737	2 857	2 957	2 807
Sum Oppvekst og kultur	86 544	82 865	82 269	82 412

Målsetjingar for etaten

Digitalisering

- Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester.
- Utvikla samspelet i læringsarenaen. Tydelege pedagogiske val som bevisst brukar digitale løysingar som gir ein vinst i læringsarbeidet. (Den andre pedagogen i rommet)
- Digitalisering i skulen vil gje elevane grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheitar og gje tilsette i skulen fleire verktøy for tilpassa opplæring. Digitaliseringa vil gje ein effektiviseringsvinst i høve kommunikasjon og samhandling.

Kompetanse og måloppnåing

- Fitjar kommune har kompetente og engasjerte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetanseomobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane. Der det er mogeleg setja inn andre yrkesprofesjonar.

Skule og oppvekst

- Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i st. melding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning til 7 % i planperioden.
- Kartleggja kompetansebehovet for gjennomføring av kompetanseløftet i barnehagane og skulane. Inngå avtale med HVL om kompetanseheving.
- Auka læringsutbytte. Under 10 % av elevane på det lågaste nivået, over 25 % av elevane på det høgste nivået målt på nasjonale prøvar på 5. trinn.
- Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbytte.
- "Fitjar for alle". Sikra sosial utjamning for barn og unge
- Oppstart bygging av ny kommunal barnehage.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

- Laga ny skulebruksplan. Ferdigstilt haust 2022.
- Saman med helse starta arbeidet med plan for ny oppvekstreform/barnevernsreform.

Førebyggjande helse

- Gje tett og tverrfagleg oppfølging av gravide med særskilte behov.
- Styrke og utvikle tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule, både på system- og individnivå.

Kultur

- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla- og etablera nye aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevingar og sosiale fellesskap.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Oppvekst

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Skule og oppvekstadministrasjon	27 392	29 542	28 035

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Skule og oppvekstadministrasjon	28 035	24 635	24 246	25 270

Budsjettet for etaten oppvekst- og kultur ber preg av svært stramme økonomiske rammer. Eit stramt budsjett fører til reduksjon i tilbod til brukarar, reduksjon av stillingar og reduksjon av driftspostar.

Reduksjonane i budsjettet for oppvekst skuldast i hovudsak endringar i dei økonomiske rammefaktorane for kommunen. Det er særleg viktig å få fram endringane i demografiutviklinga. Talet på elevar i grunnskulen går bratt nedover og snittet i høve fødslar pr år dei siste 4 åra er under 30 barn. I tillegg har folketalet dei siste åra blitt redusert med nærmare 100 personar.

Det samla elevtalet i skulane er no 414. (339 Rimbareid, 51 Øvrebygda og 24 Selevik) Dette er 13 færre enn sist skuleår. Samanlikna med 2018 (463 elevar) gir dette ein inntektsreduksjon på om lag 5-6 millionar i rammeoverføringer. I åra som kjem vil det samla elevtalet ved skulane gå vidare nedover.

Øvrebygda skule vert føreslått lagt ned frå 01.08.2024.

Administrasjonen ynskjer parallelt med dette å introdusere "Øvrebygda Arena" som samlingspunkt for lag og organisasjoner, kultur, idrett og frivilligheit i Øvrebygda. Kommunen vil ved realisering vurdere å gå inn med eit årleg tilskot til drift. Uteområdet vil bli oppgradert slik at det vert innbydande og funksjonelt for ulike aktivitetar.

Evne til omstillingar vil prega innhaldet i budsjettet gjennom heile planperioden. Kommunen er framleis i ein omstillingsfase og den vil halda fram gjennom heile planperioden

Det stramme budsjettet viser att i form av tiltak (nedtrekk) på ulike områder. Stillinga som skulefagleg rådgjevar skal framleis delfinansierast gjennom ei prosjektfinansiering gjennom eksterne midlar. Beløpet er på kr 174 500,-. Dette er i tråd med kommunestyret sitt vedtak om reduksjon av administrasjonen i rådhuset.

Målsetjingane for planperioden ber preg av målretta endringar som vil endra strukturar og føra til meir effektive måtar å utøva tenestene på. Noko som på sikt vil kunna gje økonomisk mindreforbruk og vonleg auka kvalitet i tenesteutøvinga.

Alle einingar er i eit endringsmodus der ein heile tida søker etter dei beste løysingane for:

- Bruk av digitale løysingar. Få fram ein synleg vinst i form av reduserte kostnadar.
- Styrkja og utvikla betre tverrfagleg samarbeid mellom førebyggjande helse, barnehagar og skular. Dette fokuset vil bli forsterka i ny skulebruksplan og gjennom oppvekstreforma/barnevernsreforma.
- Å tilføra ny kompetanse gjennom vidareutdanning og etterutdanning.
- Tidleg innsats og intensiv opplæring for innlæring av grunnleggjande ferdigheiter.
- Innlæring av sosial kompetanse som hindrar mobbing og andre krenkelsar.
- Å sikra sosial utjamning for barn og unge gjennom tilgjengelege moderasjonsordningar

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Dette vil i neste omgang føra til auka trivsel, betre motivasjon, betre læringsutbyte og meir medverknad.

Fokuset på kompetanseheving for tilsette i skule, kulturskule og barnehage held fram. Gjennom nye tilskotsordningar vert det oppretta tettare band mellom regionen og statlege overføringer. Kommunane i FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland) har inngått eit samarbeid med NLA (norsk lærarakademi) for å sikra kvalitet og oppfølging.

Kompetanse for kvalitet vert vidareført lokalt for grunnskulen og kulturskulen i om lag same omfang som tidlegare. For barnehagane er det ei eiga stipendordning der barnehagepedagogar og styrarar kan søkja om vidareutdanning.

Førebyggjande helse har gjennom ulike tilskotsordningar fått midlar til å styrka jordmortenesta, utvikla helsestasjon og skulehelsetenesta. I 2021 fekk ein avtala ei utvida tilskotsordning som også gjeld for 2022 og 2023.

Det er ei målsetjing at læringsutbyte for elevane innanfor fleire av fagfelta i skulesektoren skal bli høgare. Denne perioden er hovudfokus retta inn mot tidleg innsats, intensiv opplæring og inkluderande praksis.

Fokus på tidleg innsats for 1. – 4. trinn i skulen held fram. Det ligg inne øyremerkte lærartimar som skal styrke dette arbeidet slik som før. 19 timer ved Rimbareid skule. 9 timer ved Øvrebygda skule og 6 timer ved Selevik skule. Desse timane går inn som ein del av lærarnorma. Ny lov tredde i kraft frå 01.08.18 der skulen har ei plikt til å gje intensiv opplæring for elevar på 1. – 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning.

Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i st. melding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning til 7 % i planperioden.

Fitjar kommune er ein BTI (Betre tverrfagleg innsats) kommune. Dvs. at alle barn og unge som har utfordringar i livsløpet sitt vil få tilbod om tidleg hjelp av dei ulike hjelpeinstansane i kommunen. Alle tilsette skal arbeida etter prinsippa som ligg inne i handlingsretteliaren. I planperioden vil oppvekstsektoren, Nav og helse gå saman om eit større eksternt finansiert prosjekt med målet «Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, og betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge.»

Førebyggjande helse vert ein aktiv bidragsytar i dette arbeidet gjennom tett kontakt med einskildpersonar og familiar.

Det ligg ute ressursar til skulane som samla sett dekker kravet til lærarnorma.

Inntektsgradert foreldrebetaling gjeld for barn på 1.-4. trinn som går på SFO. Foreldrebetaling for eit heilheitstilbod skal maksimalt utgjera 6 % av den samla person- og kapitalinntekta til hushaldet.

Frå 01.03.2022 vert SFO på Øvrebygda skule og Selevik skule foreslått lagt ned.

Det samla budsjettet byggjer på om lag dei same postane og utgiftsbeløpa som tidlegare år med ein del unntak. Sjå tiltaksliste under dei ulike einingane.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Aktive tiltak: Tilby influensavaksine til tilsette i barnehage og skule tidleg 2022 og om hausten dei kommande åra

2022	2023	2024	2025
65 000	20 000	20 000	20 000

Barnehage:

Barn fødde t.o.m. november har rett til barnehageplass hausten året etterpå.

Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga held fram. Hushaldninga skal ikkje betala meir enn 6 % av inntekta til barnehageplass.

Både 2, 3, 4 og 5 åringane har rett til gratis kjernetid i barnehagen dersom foreldra samla har ei inntekt som ligg under ei nasjonal grense. Desse ordningane vert vidareført i 2022. Kostnadane for denne ordninga vert redusert frå om lag kr 430.000,- i 2021 til om lag kr 290.000,- i 2022.

Kostnadane til dei private barnehagane minkar frå 20,0 mill. i 2021 til 18,6 mill. i 2022. Reduksjonen skuldast lågare fødselstal.

Ut frå fødselstala som no ligg føre vil de bli lågare etterspurnad etter barnehageplassar dei komande åra. Dette skuldast eit serdeles lågt fødselstal for 2018 (26) og eit endå lågare fødselstal i 2021 (16). I økonomiplanperioden vert det forventa at fødselskullet i snitt vil liggja rundt 30 barn pr år.

Aktive tiltak - Reduserte kostnadar private barnehagar

2022	2023	2024	2025
- 450 000,-	- 3 394 227,-	- 3 707 421,-	- 2 683 417,-

Utgifter til barn som går i private barnehagar i Stord kommune vil bli på kr 130.000,- ut frå dei opplysningsane ein har no. (Gjeld 1 barn) Utgiftene i 2021 var om lag 335 000,-.

Satsar for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert:

213058,- for små barn med full plass

100387,- for store barn med full plass

Satsar for kapitaltilskot føl nasjonale satsar

Dei nasjonale satsane for foreldrebetalinga i barnehagane for 2022 ligg no inne med ein sats på kr 3.230,-. Denne kan verta redusert gjennom budsjettframlegg frå den nye regeringa.

Aktive tiltak: Ekstraløyving jmf notat frå rådmann/økonomisjef. Tilleggsnummer til statsbudsjettet

	2022	2023	2024	2025
Tilskot private barnehagar	466 000	- 35 000	- 700 000	- 700 000

Grunnskule:

Forventa refusjonar frå andre kommunar (2,7 mill.) er innarbeida i KB. Dette er ein reduksjon på om lag 0,2 mill. samanlikna med budsjettet for 2021.

Admin. grunnskule:

Drift som tidlegare år.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

PPT grunnskule og barnehage:

Her har ein i KB lagt inn prisauken som samsvarar med den nye avtalen om felles PPT teneste saman med Tysnes og Stord.

Logopedteneste:

I konsekvensjustert budsjett (KB) ligg dei samla kostnadane på same nivå som i 2021 kr 50 000,-.

Skuleskyss og transport:

Takstsona er lik for heile øya. Tidlegare måtte enkelte elevar reisa mellom tre og fire takstsonar. Kostnadane til skuleskyss og transport vert litt høgare i 2022 samanlikna med 2021. I budsjettet ligg det inne eit framlegg om å overføra 7. trinnet ved Øvrebygda skule til Rimbareid skule gjennom heile planperioden. Dette vil føra til auka transportkostnadene

Aktive tiltak - Auka kostnadene til skuleskyss grunna overføring av 7. trinnet (*reversert av kommunestyret*)

2022	2023	2024	2025
38 000,-	81 700,-	62 100,-	53 300,-

Vaksenopplæring

Denne tenesta vart lagt ned frå 01.09.2019. Fitjar kommune kjøper no desse tenestene av Stord kommune. Tenestene kostar om lag kr 205.000,- i 2022. Dette er 325.000,- lågare enn i 2021. Tenestene vert finansiert gjennom grunntilskot (låg sats kr 204.700) og per capita tilskot frå staten. Sidan koronapandemien no nærmar seg slutten vert det lagt inn ein høgare sats for grunntilskotet. Frå kr 204.700 til kr 610.000,-. Talet på familie-gjenforeningar vil truleg ta seg opp i 2022.

Aktive tiltak – Grunntilskot norsk meir enn 3 personar

2022	2023	2024	2025
- 405 300,-	- 405 300,-	- 405 300,-	- 405 300,-

Kulturskulen:

Det er høg aktivitet i kulturskulen. Det har vore gode samarbeidsprosjekt med barnehagane og grunnskulen. Kulturskulen gir eit breitt og godt tilbod. Nedtrekket av driftsmidlane utgjer 1/3 av det samla beløpet ein har til disposisjon. Det er lagt inn ei prisauke i brukarbetalinga på 3 %. Kostnad kvart halvår vil auka frå kr 1.635,- til kr 1.684,-. Det er 30 % søskensmoderasjon for elevplass nr 2 og 3.

Kulturskulen har 101 elevar. Dette er ein nedgang på 7 elevar frå sist år.

Aktive tiltak - Nedtrekk driftsmidlar

2022	2023	2024	2025
- 20 000,-			

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Helsestasjon og førebyggjande skulehelseteneste:

Tenesta har eit stort fokus retta inn mot førebyggande arbeid gjennom helseundersøkingar, vaksinasjon, støtte, rettleiing til gravide, barn, unge og familiar. Ein har dei siste åra styrka helsestasjonen med prosjektmidlar, med auka tilgjenge til helsesjukepleiarartene. Dette saman med andre helsefremjande tiltak frå skulen si side, verkar førebyggjande mot ulike helseutfordringar hos barn og unge. Leiande helsesjukepleiar er med i utviklingsarbeid og er aktivt med i implementeringa av betre tverrfagleg innsats (BTI). Utviklingsarbeid krev at ein jobbar med både rutinar og planar på tvers av sektorar og fag, i 2021 fekk helsestasjonen prosjektmidlar til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta. Her fekk ein ressursar slik at ein kan vidareføra styrkinga i 2022 og 2023.

Styrking 1 årsverk grunna oppvekstreforma- laget rundt barnet

Aktive tiltak – styrking 1 årsverk - laget rundt barnet

2022	2023	2024	2025
		588 670,-	588 670,-

Aktive tiltak – Generelt nedtrekk

2022	2023	2024	2025
- 70 000,-			

Aktive tiltak: 50% helsesjukepleiar (6 mnd.) finansiert av tilskot.

	2022	2023	2024	2025
Løn	198 866			
Tilskot	- 198 866			

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Rimbareid barne- og ungdomsskule

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Rimbareid skule	34 276	36 319	37 013

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Rimbareid skule	37 013	36 499	36 193	35 462

Grunnskule:

Elevtalet ved skulen har minka frå 346 til 339. Hausten 2022 vert det 26 nye elevar i 1. klasse. Talet på klassar vil då bli redusert frå 19 til 18 frå 01.08.22. 7. trinnet ved Øvrebygda skule vert overført til Rimbareid skule frå 01-08.2022 Det er oppretthalde 100 000,- til drift av MOT – programmet (Lærarressurs). Skulen har 19 timer til disposisjon som ressurs for intensiv opplæring til elevar på 1. – 4. trinn. Det vert lagt inn ein ekstra naturfagtime frå 01.08.2022.

Aktive tiltak – Reduksjon av 1 årsverk frå 01.08.22 grunna færre klassar. Ny reduksjon i 2024.

2022	2023	2024	2025
- 306 320,-	- 731 235,-	- 1 037 454,-	- 1 768 589,-

Aktive tiltak - Nedtrekk 1 årsverk frå 01.08.22 grunna redusert spesialundervisning

2022	2023	2024	2025
- 306 320,-	- 731 235,-	- 731 235,-	- 731 235,-

Aktive tiltak - Nedtrekk driftsmidlar

2022	2023	2024	2025
- 160 000,-			

Aktive tiltak – Ein ekstra naturfagtime frå 01.08.2022 (reversert av kommunestyret)

2022	2023	2024	2025
11 715,-	28 100,-	28 100,-	28 100,-

Aktive tiltak: Auka rammetilskot minus mindreinnt. SFO jmf budsjettavtale

2022	2023	2024	2025
145 000	321 000	321 000	321 000

Morsmålsopplæring:

Drift som tidlegare år.

SFO og leksehjelp:

Auke i brukarbetalinga på 3 % for SFO. Kostnad heil plass vil auka frå kr 3.160 til kr 3.255,- pr månad.

SFO-funksjonshemma:

Slik situasjonen ser ut no vil det ikkje vera behov for ei tenester på dette området i 2021. (reversert av kommunestyret)

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Øvrebygda skule

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Øvrebygda skule	5 713	5 997	6 546
Økonomiplan:			
	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024
Øvrebygda skule	6 546	6 608	6 608
			Budsjett
			2025

Grunnskule:

Elevtalet har minka frå 56 til 51 elevar. Frå 01.08.2022 foreslår administrasjonen at elevane på 7. trinnet vert flytta over til Rimbareid skule. Denne ordninga gjeld for heile planperioden. Hausten 2022 er det 12 elevar som skulle gått på 7. trinnet ved Øvrebygda skule. (Dei komande åra er elevtalet på 7. trinnet 9,7,7.) Talet på elevar ved skulen vert då redusert til 41. Skulen har 9 timer til disposisjon som ressurs for intensiv opplæring til elevar på 1. – 4. trinn. Det vert lagt inn ein ekstra naturfagtime frå 01.08.2022.

Aktive tiltak - Overføring av 7. trinnet til Rimbareid skule (reversert av kommunestyret)

2022	2023	2024	2025
- 338 733,-	- 808 684,-	- 808 684,-	- 808 684,-

Aktive tiltak - Nedtrekk driftsmidlar

2022	2023	2024	2025
-25 000,-			

Aktive tiltak – Ein ekstra naturfagtime frå 01.08.2022 (reversert av kommunestyret)

2022	2023	2024	2025
11 715,-	28 100,-	28 100,-	28 100,-

Aktive tiltak - nedlegging av Øvrebygda skule (reversert av kommunestyret)

2022	2023	2024	2025
		- 1 597 500,-	- 3 834 000,-

Administrasjonen ynskjer parallelt med dette å introdusera ”Øvrebygda Arena” som samlingspunkt for lag og organisasjonar, kultur, idrett og frivilligheit i Øvrebygda.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

SFO og leksehjelp:

SFO ordninga ved Øvrebygda skule vert lite brukt. Det er i dag 9 barn som nyttar seg av ordninga. Ordninga vert foreslått lagt ned frå 01.03.22

Aktive tiltak - Nedlegging av SFO ordninga ved Øvrebygda skule med verknad frå 01.03.2022. (reversert av kommunestyret)

2022	2023	2024	2025
- 192 290,-	- 230 700,-	- 230 700,-	- 230 700,-

Aktive tiltak: Auka rammetilskot minus mindreinnt. SFO jmf budsjettavtale

2022	2023	2024	2025
30 000	67 000	67 000	67 000

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Selevik skule

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	
	2020	2021	2022	
Selevik skule	4 469	4 524	4 856	
Økonomiplan:				
	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Selevik skule	4 856	4 908	4 908	4 908

Grunnskule:

Elevtalet vil gå opp frå 24 til 25. Klassetalet er uendra.

Skulen har 6 timer til disposisjon som ressurs for intensiv opplæring til elevar på 1. – 4. trinn.
Det vert lagt inn ein ekstra naturfagtime frå 01.08.2022.

Aktive tiltak - Nedtrekk driftsmidlar

2022	2023	2024	2025
- 15 000,-			

Aktive tiltak – Ein ekstra naturfagtime frå 01.08.2022 (reversert av kommunestyret)

2022	2023	2024	2025
11 715,-	28 100,-	28 100,-	28 100,-

SFO og leksehjelp:

SFO ordninga ved Selevik skule vert lite brukt. Det er i dag 7 barn som nyttar seg av ordninga. Ordninga vert foreslått lagt ned frå 01.03.22

Aktive tiltak - Nedlegging av SFO ordninga ved Selevik skule med verknad frå 01.03.2022. (reversert av kommunestyret)

2022	2023	2024	2025
- 268 200,-	- 321 700,-	- 321 700,-	- 321 700,-

Aktive tiltak: Auka rammetilskot minus mindreinnt. SFO jmf budsjettavtale

2022	2023	2024	2025
30 000	67 000	67 000	67 000

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Fitjarstølane barnehage

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Fitjarstølane barnehage	5 551	6 812	7 357

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Fitjarstølane barnehage	7 357	7 357	7 357	7 357

2010 Ordinær barnehage:

Ny grunnbemanning og pedagognorm vart gjort gjeldande frå 01.08.18. Norma er vidareført i 2022. Grunna færre barn som ynskte plass i Fitjarstølane barnehage og familiar som brått flytta sommaren 2021 (har no 29 barn. Ein reduksjon på 5 frå 2021) Av den grunn er talet på pedagogar blitt redusert frå 4 til 3 frå 01.08. Ny kommunal barnehage vert bygt i Rossneset. Kommunestyrevedtak 28.04.21. Rom- og konkurransepogram er sendt ut til 3 utvalde arkitektfirma. Det er lagt inn investeringar for 29 mill. til ny barnehage i økonomiplanperioden. Framdriftsplanen tilseier at den nye barnehagen skal vera ferdig sommaren 2023.

2110 Teneste for barn med nedsett funksjonsevne

Denne tenesta gjeld spesialpedagogisk hjelp for førskulebarn i eigen kommune og hjelp til barn som bur i annan kommune jf. Barnehagelova § 31, midlar til ekstra assistenter for barn med nedsett funksjonsevne i barnehagar jf. Barnehagelova § 37. Her er det lagt inn utgifter i KB på 1.400.000,- grunna tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Denne utgiftsposten har auka kraftig og eit nytt vedtak fører til auka utgifter jf. aktivt tiltak.

Aktive tiltak – Styrka tilbod til førskulebarn

2022	2023	2024	2025
450 000,-	450 000,-	450 000,-	450 000,-

Aktive tiltak: Ekstraløyving jmf notat frå rådmann/økonomisjef. Tilleggsnummer til statsbudsjettet

	2022	2023	2024	2025
Makspris	88 000	88 000	88 000	88 000

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Kultur

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Kultur	3 459	2 490	2 737

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Kultur	2 737	2 857	2 957	2 807

Målsetjingar for 2022

Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla, og etablera nye, aktivitetar for både ungdom og eldre som gjer meistring, opplevingar og sosiale fellesskap.

Ressursane til kultursektoren er redusert med ei 20 % stilling gjeldande frå 01.04.2020. Prioriterte arbeidsoppgåver innan kultursektoren vart vedteken av formannskapet 19.02.2020. Vedtaket legg føringar for dei prioriteringane som vert gjort innafor etaten.

- Ein skal prioritera arbeid som er retta inn mot administrative oppgåver (planarbeid, sakshandsaming, næringspris, kulturpris, ungdomsråd, søknadar om spelemidlar, reiseliv, 17 mai m.m.)
- Arbeida aktivt inn i høve barn og unge, lag og organisasjonar, idrett og friluftsliv.
- Prosjektfinansiering av kr 100.000,- kvart år for heile økonomiplanperioden.

Aktive tiltak – Nedtrekk bokbudsjett - folkebiblioteket

2022	2023	2024	2025
- 95 000,-	- 95 000,-	- 95 000,-	- 95 000,-

Aktive tiltak - Generelt nedtrekk

2022	2023	2024	2025
- 70 000,-			

Fitjar Frivilligsentral:

Fitjar frivilligsentral ligg i heile planperioden inne med eit kommunalt tilskot på kr 468.000,- pr år. Fitjar frivilligsentral/Fitjar kommune må søkja om å få delar av desse midlane dekka via statsbudsjettet sidan midlane er øyremerkte. Fitjar kommune har inngått ein samarbeidsavtale mellom Fitjar kommune og Fitjar Frivilligsentral for perioden 01.01.21 - 31.12.2023 jf. vedtak i kommunestyret 09.12.2020. Denne avtalen sikrar foutsigbarheit i høve ansvarstilhøve og økonomi. Fitjar frivilligsentral har ei aktiv rolle i utrullinga av fritidskortet.

Fitjar kultur- og idrettsbygg (FKIB):

I samband med budsjettet for 2021 vedtok kommunestyret følgjande:

"Fitjar kommune tek sikte på å innföra eit fast driftstilskot til Fitjar- kultur- og idrettsbygg f.o.m. 2022. Summen vert å komma tilbake til i budsjettet. Kommunen sitt bidrag kan fram i tid verta omgjort heilt eller delvis til husleige ved auka sambruk av FKIB."

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Rådmannen har parallelt med dette vore i dialog med Fitjar kraftlag som den andre eigaren i FKIB AS om å vurdera eit fast årleg tilskot til FKIB gjennom eit brev datert 21.09.2021
Samla er tilskotsbehovet til FKIB estimert til kr 4-500 000 årleg.

Rådmannen har i budsjettet for 2022 og i økonomiplanen 2022 – 2025 lagt inn årleg kr 250.000,- i fast tilskot til FKIB.

Søknad frå Stiftinga Sunnhordland Museum

Fitjar kommune tok stilling til denne saka i budsjettet for 2021, og avslo søknaden. Vi kan ikkje sjå at realitetane for Fitjar kommune i saka har endra seg. Vurderinga er slik:

Det har kome inn søknad frå Stiftinga Sunnhordland Museum om støtte frå kommunane i Sunnhordland til nybygg på museet. Dette er eit økonomisk spleiselas på ca. 60 mill. kroner som Kulturdepartementet, Vestland fylkeskommune, kommunane i Sunnhordland og private vert invitert til å gå saman om å investere i. Det er i søknaden dokumentert eit tydleg behov for tiltaket, og Kulturdepartementet og fylkeskommunen har gjeve sine første løyvingar til byggeprosjektet. Kommunane er bedt å finansiere kr 155,- pr innbyggjar, med eit noko høgare beløp frå vertskommunen Stord. Søknadssummen frå Fitjar kommune er 496 000. Fitjar er ikkje kjent med korleis dei andre kommunane stiller seg til søknaden. Då Fitjar kommune ikkje eig Sunnhordland Museum, kan ikkje tiltaket lånefinansierast. Det må difor handsamast som eit tilskot ytt i driftsbudsjettet eller av fond. Fitjar kommune har ansvar for Årskog Museum, og dette museet har eit vesentleg vedlikehaldsbehov som det ikkje har vore finansiering til i kommunebudsjettet. No kan ikkje løa nyttast til publikumsaktivitetar (Open dag, Jul på Museet, skuleframsyningar) pga. av HMS. Kommunestyret handsama sak om situasjonen ved Årskog Museum i juni 2019. Rådmannen har ikkje funne rom til langsiktige løysingar på vedlikehaldsbehovet ved Årskog Museum.

Rådmannen foreslår at Fitjar kommune må prioritere Årskog Museum framfor tilskot til nytt bygg/ vedlikehald på Sunnhordland museum. Rådmannen foreslår å ikkje imøtekoma søknaden frå Stiftinga Sunnhordland Museum, verken investeringssøknaden eller søknaden om kr 30 000 i auka driftsstøtte til Sunnhordland Museum.

Aktive tiltak: Støtte til eventuelt Håkonarspel. I samband med 1000 års jubileum for kristenretten der Håkon den Gode har ei sentral rolle.

2022	2023	2024	2025
	50 000	150 000	

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Plan, utvikling og teknisk

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Plan, byggesak og oppmåling	1 338	166	-466
Drift og vedlikehald	19 621	16 949	17 788
VAR	485	-85	-819
SFLMK	3 609	3 647	3 692
Brann og beredskap	3 987	3 844	3 901
Sum Plan, utvikling og teknisk	29 041	24 521	24 096

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Plan, byggesak og oppmåling	-466	-20	-20	-20
Drift og vedlikehald	17 788	17 767	17 767	17 767
VAR	-819	-1 599	-2 360	-3 391
SFLMK	3 692	3 692	3 692	3 692
Brann og beredskap	3 901	3 901	3 901	3 901
Sum Plan, utvikling og teknisk	24 096	23 741	22 980	21 950

Mål for etaten:

Sitat frå Kommuneplanen sin samfunnsdel kap. "Den grøne kommunen":

Fitjar kommune som organisasjon skal kutte sine klimagassutslepp med 70% innan 2030	Etablere klimatiltak i eigen organisasjon innan fornybar energi, bygg, VAR og transport, innkjøp og mat. Klimamål- og tiltak i sentralt planverk. Legge til rette for grøn innovasjon og mobilitet.
Fitjar kommune skal vera fossilfri innan 2030 (med unntak av brannbilar)	Elektrifisere/utsleppsfree transport i kommunen si eiga drift. Klima- og miljøkrav ved innkjøp, samordna med andre kommunar i Sunnhordland. Miljøsertifisere kommunal verksemd. ENØK-tiltak i bygg. Fossilfri byggeplass for kommunale bygg.

- Bidra til å realisere ny reguleringsplan for Fitjar sentrum
- Realisere byggeprosjekt som når måla for tenestene
- 0 skader m/fråvær
- Økonomisk balanse i sjølvkostområda.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Plan, byggesak og oppmåling

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	
	2020	2021	2022	
Plan, byggesak og oppmåling	1 338	166	-466	
Økonomiplan:				
	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Plan, byggesak og oppmåling	-466	-20	-20	-20

Grunnbemanninga i etaten plan- utvikling og teknisk vert i hovudsak halden på nivå med 2021 pga. av etaten har hatt ei svært stram bemanning over lang tid, og det er ikkje rom for vesentlege reduksjonar i høve til oppgåvane som skal løysast.

Inntektene på plan- og byggesak vert justert med deflator ved at 1M i gebyrregulativet vert justert. I tillegg vert det lagt inn eit fast gebyr i alle saker for e-byggesak. Gebyrregulativet har elles nokre få endringar m.a. om vasspostar ved naust. Inntektene frå byggesak har vore noko lågare enn budsjettert i 2021, og dersom dette helda fram i 2022 vil avdelinga auka arbeidet med ulovlegheitsoppfølging. Det er forventa høgare inntekter frå reguleringsplanar i 2022, og det er lagt inn eit overskot på plan- og byggesak dette året. Det vil i nokon grad kompensere manglande sjølvkost forutgåande år. Økonomisk balanse i sjølvkostområda er innarbeida i økonomiplanen frå 2023.

Avdelinga vil av kommunalt planarbeid prioritere ferdigstilling av ny reguleringsplan for Fitjar sentrum, Trafikktryggingsplanen, og ny arealdel i kommuneplan vil bli revidert i 2022 - 2024.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Drift og vedlikehald

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Drift og vedlikehald	19 621	16 949	17 788
Økonomiplan:			
	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024
Drift og vedlikehald	17 788	17 767	17 767
			17 767

Ansvaret 3100 Drift og vedlikehald, og 3200 Vatn og avløp

Internasjonale, nasjonale og lokale krav til klima- og miljømål påverkar forslaget til grøne investeringar i økonomiplanen, og dette bidreg også til reduserte driftskostnadene. Det er lagt inn gjennomføring av gjeldande økonomiplan si satsing på skifte av gatelys til LED lys, og utskifting av tenestebilar til elbilar. Det er lagt inn midlar til energisparekontrakt, EPC i 2023-2025. Klima- og miljø vil verta innarbeida i alle kommunale byggeprosjekt. Ny barnehage blir bygd med passivhus standard og bergvarme som energiberar.

2021 vart energibudsjettet redusert med 200.000,-kr. Pris på straum i 2021 har auka betydeleg og det vert foreslått å legge inn igjen kr 200.000,- kr og ha same nivå som år 2020.

Aktive tiltak: Aukar kostnader straum, til nivå med år 2020:

2021	2022	2023	2024
200 000,-			

Det er konkrete behov for å styrke vedlikehaldet av kommunale bygg. Me foreslår i tråd med fjorårets vedtaket i økonomiplan, å auka driftsbudsjettet med 300 000,- årleg frå 2022 og i resten av økonomiplanperioden.

Aktive tiltak: Styrka vedlikehaldet av kommunale bygg, likt fordelt mellom institusjon og skule:

2022	2023	2024	2025
300 000,-	300 000,-	300 000,-	300 000,-

Aukar husleiga for kommunale bustader med 2,9 % i 2022.

Aktive tiltak: Aukar husleiga for kommunale bustader med 2,9 % i 2022.

2022	2023	2024	2025
- 94 621,-			

Det er behov for lovpålagt periodisk el-kontroll i administrasjonslokale, styrkar derfor driftsbudsjettet.

Aktive tiltak: Lovpålagt periodisk el-kontroll i administrasjonslokale.

2022	2023	2024	2025
9 000,-	9 000,-	9 000,-	9 000,-

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Det er behov for lovpålagt periodisk el-kontroll på FBB, styrkar derfor driftsbudsjettet.

Aktive tiltak: Lovpålagt periodisk el-kontroll på FBB.

2022	2023	2024	2025
14 000,-	14 000,-	14 000,-	14 000,-

Det er behov for lovpålagt periodisk el-kontroll på Havnahuset, styrkar derfor driftsbudsjettet.

Aktive tiltak: Lovpålagt periodisk el-kontroll Havnahuset

2022	2023	2024	2025
14 000,-	14 000,-	14 000,-	14 000,-

Det er behov for lovpålagt periodisk el-kontroll på skulane, styrkar derfor driftsbudsjettet.

Aktive tiltak: Lovpålagt periodisk el-kontroll skulane.

2022	2023	2024	2025
32 000,-	32 000,-	32 000,-	32 000,-

Aktive tiltak: Ope basseng heile skuleåret. Basseng ope frå skulestart til skuleslutt.

2022	2023	2024	2025
200 000	200 000	200 000	200 000

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Vatn, Avlaup og Renovasjon (VAR)

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	
	2020	2021	2022	
VAR	485	-85	-819	
Økonomiplan:				
	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
VAR	-819	-1 599	-2 360	-3 391

Me står overfor større utbyggingar i økonomiplanperioden knytt til m.a. ny Hovudplan for Vatn, og Hovudplan for Avlaup for perioden 2020-2030. Utbygging av Årskog industriområde influerer også utbyggingsbehov. Prioriteringar går fram av investeringsbudsjettet.

Gebyrregulativet for VA må endrast grunna store investeringar dei seinaste åra, og dei kommande. VA er sjølvkostområde, og omfanget av utbyggingane vil auka dei kommunale avgiftene på området.

Førerels berekningar viser at Fitjar må ha 11,2 % årleg auke i vassgebyret, og 7,8 % årleg auke i gebyr for avløp.

Dette vert lagt fram som eiga sak for kommunestyret etter handsaming i utval for plan og miljø.

Produksjon av vatn:

Det er behov for kontroll og forebyggande arbeid i høgdebassenga. Serviceavtale angående reingjering og kontroll av høgdebasseng, for å unngå ekstraarbeid med uttapping av høgdebasseng.

Aktive tiltak: Kontroll og forebyggande arbeid i høgdebassenga.

2022	2023	2024	2025
15 000,-	15 000,-		

Det blir innført auke i gebyrinntekter ved innføring av tilknytingsgebyr for vasspost naust og innlagt vatn i naust frå 1.1.22.

Aktive tiltak: Inntekt ved innføring av tilknytingsgebyr for vasspost naust og innlagt vatn i naust frå 1.1.22

2022	2023	2024	2025
- 258 500,-			

Reinseanlegg og utløp:

Det er forventa at det blir 37 nye abonnentar i gebyr for avlaup i Fiskaneset.

Aktive tiltak: Auke i gebyrinntekter i avlaup for 37 nye abonnentar i Fiskaneset

2022	2023	2024	2025
- 180 301,-			

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor (SFLMK)

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
SFLMK		3 609	3 647

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
SFLMK	3 692	3 692	3 692	3 692

SFLMK er eit interkommunalt samarbeid mellom Fitjar og Stord kommune, der Fitjar er vertskommune. Det er 4,6 årsverk på eininga. Sidan 2017 har kommunen også seld tenester til Austevoll kommune for ca. 830 000 kr årleg. Dette er for økonomiplanen foreslått auka til kr 1,1 mill. pga. av aukande oppgåveomfang.

For miljørådgjevarstillinga er det lagt inn 20% prosjektfinansiering, som erstattar inntektene Vestland fylkeskommune, vassregionarbeid.

Stord Fitjar landbruk- og miljøkontor sitt budsjett for 2021 er på same nivå som for 2021.

Refusjonen frå Stord kommune for 52 % av Stord Fitjar landbruk- og miljøkontor vert inntektsført under Administrasjon, som tidlegare år.

Aktive tiltak: Auke sal av tenester til Austevoll kommune:

2022	2023	2024	2025
- 85 736,-	- 85 736,-	- 85 736,-	- 85 736,-

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Brann og beredskap

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Brann og beredskap	3 987	3 844	3 901

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Brann og beredskap	3 901	3 901	3 901	3 901

Det er i KB auka driftsbudsjett for reinhald på ny brannstasjon med 160 000,- per år. Inntektene er sett opp frå unødvendige brannuttrykkingar med 188 000.- årleg. Det er eit stort næringsanlegg som har langvarige problem med dette. Dei økonomiske rammene for brann- og redning er vidareført.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Politisk leiing

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Politisk leiing	3 428	9 206	9 517
Økonomiplan:			
	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024
Politisk leiing	9 517	9 517	9 982
			9 982

Budsjett for politisk leiing er stort sett vidareført på same nivå som tidlegare, med fleire mindre justeringar i høve til historisk forbruk. Berre større endringar vert kommentert i det vidare.

Basert på tal frå Statsbudsjettet er det estimert at det sentrale oppgjøret for 2022 vil koste om lag 3,2 % av lønsmassen i kommunen. Det er sett av midlar til dette i tilleggsreserven, som i 2022 vert sett til 5,48 mill. (mot 5,33 mill. i 2021).

Godtgjersle til ordførar og varaordførar er ikkje justert for 2021, då godtgjersla til stortingsrepresentantar er halde like for 2020. Dette i tråd med KS-vedtak 52/19 om at dei godtgjersla skal følgje utviklinga til stortingsrepresentantane.

Godtgjersle til kommunestyregruppa er som tidlegare halde på 2014- nivå, 1 300,- per kommunestyrerrepresentant.

Kontrollutvalet har lagt fram eit budsjett på kr 871 704,- for 2022. Dette er ein auke på 173 798,- frå opphavelig budsjettet for 2021. KS løyva seinare ytterlegare kr 100 000,-.

Det er føreslått at talet på politiske møter vert redusert, alle utval med unntak av kommunestyret og kontrollutvalet kutter eit møte. Det gjer ei innsparing i møtegodtgjersle på 60 000 årleg. Det er ikkje funne rom i budsjettet for midlar til streaming av politiske møte.

Aktive tiltak: Reduksjon i tal på politiske møte (reversert av kommunestyret)

2022	2023	2024	2025
- 68 460,-	- 68 460,-	- 68 460,-	- 68 460,-

Aktive tiltak: Berre auke budsjettet til kontrollutvalet med kommunal deflator

2022	2023	2024	2025
- 154 000,-	- 154 000,-	- 154 000,-	- 154 000,-

Aktive tiltak: Kontrollutvalg ekstra reduksjon. Redusere kontrollutvalets budsjett noko meir då 2021 var unormalt høgt utfrå tidlegare år

2022	2023	2024	2025
- 70 000,-	- 70 000,-	- 70 000,-	- 70 000,-

Aktive tiltak: PS 71, 72 og 73/21 i formannskapet (samarbeidsprosjekt)

2022	2023	2024	2025
535 000,-	535 000,-	235 000,-	85 000,-

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Aktive tiltak: PS 70/21 i formannskapet: 1 mill. til samarbeidsprosjekt

2022	2023	2024	2025
		765 000,-	915 000,-

Aktive tiltak: Kutt i næringslivstilskot (reversert av kommunestyret)

2022	2023	2024	2025
- 100 000,-	- 100 000,-	- 100 000,-	- 100 000,-

Aktive tiltak: Utgifter til domene/heimeside for Visit Fitjar. Tilskot til domene og heimeside for Visit Fitjar

2022	2023	2024	2025
5 000	5 000	5 000	5 000

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Administrasjon

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Administrasjon	12 951	12 392	12 647
Økonomiplan			
	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024
Administrasjon	12 647	13 248	13 748
			2025

Mål

Digitalisering

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.

- Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar, gje raskare sakshandsaming og lågare administrasjonskostnadar.

Kompetanse

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidrarar som når måla for tenestene.
- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

Nærvar og sjukefråvær

- Sjukefråværet skal vera under 6 %

Bygge partnarskap mellom kommunen og omgjevnadane – kapasitetsbygging

- Attraktive Fitjar - Tettstadsutvikling, miljø- klima- og næringsutvikling.
- Ferdigstille og iverksette reguleringsplan for Fitjar sentrum
- Selskapet Fitjar Utvikling AS skal fremja og bidra til å realisere allmennyttige investeringar som byggjer Fitjar sin attraktivitet.
- Berekraftig distriktsmobilitet Living Lab Fitjar

Budsjettet for administrasjonen er stort sett vidareført på same nivå som tidlegare, med fleire mindre justeringar i høve historisk forbruk.

Plan for digitalisering for Fitjar kommune vart vedtatt i Administrasjonsutvalet i februar 2020. I 2022 skal administrasjonen bistå med digitalisering av arkiv, samt setje i verk ei rekke mindre digitaliseringstiltak for å optimalisere dokumentflyt, redusere unødige arbeidsoppgåver, og tilrettelegge for sjølvbetjening. For Kundetorget er det knytt forventningar til digitalisering av byggjesakshandsaminga, samt utvida bruk av fagsystemet Elements for leiarar. Sistnemnte system vert truleg skybasert i 2022.

Reduksjon i tal på årsverk, endring i avdelingssamansetningar, og gevinstrealisering av digitaliseringstiltak dei siste åra har ført til at det er færre tilsette knytt til Kundetorget, medan oppgåveporteføljen har vore aukande. I forbindelse med naturleg avgang i 2022 (same som førespeglia i 2021) vil avdelinga sin totale kapasitet igjen verta redusert, då ein ved ny rekruttering neppe klarar å retablere dei samdriftsfordelane ein har hatt so langt. For å sikre oppgåvegjennomføring og kvalitet på produksjonen lyt ein sjå på moglege tilpasningsmogleheter som kan gjerast i drifta - i tillegg til planlagde digitaliseringsprosessar. Det er ynskjeleg å styrka Kundetorget med 0,1 årsverk, men det er ikkje funne rom for det i budsjettet. Det er ikkje lagt opp til lærjing på IKT i 2022-2023.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Tilskot til Fitjar kyrkje er foreslått redusert med 200 000.

Aktive tiltak: Lærling-satsing

2022	2023	2024	2025
		500 000,-	500 000,-

Aktive tiltak: Reduksjon kurs og reiser i heile organisasjonen

2022	2023	2024	2025
- 300 000,-			

Aktive tiltak: Vakanse rådmann

2022	2023	2024	2025
- 200 000,-			

Aktive tiltak: Sakshandsamar Startlån

2022	2023	2024	2025
102 385,-	202 385,-	202 385,-	202 385,-

Aktive tiltak: Kutt i næringslivstilskot

2022	2023	2024	2025
- 100 000,-	- 100 000,-	- 100 000,-	- 100 000,-

Aktive tiltak: Vedlikehald kolerakyrkjegard - tilskot til kyrkja for hjelp. Tilskot til kyrkja for å klippe og stella kolerakyrkjegard.

2022	2023	2024	2025
10 000	10 000	10 000	10 000

Aktive tiltak: Spleiselag for drifta av Sunnhordland vassområde 2021-2027

2022	2023	2024	2025
22 000	22 000	22 000	22 000

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Økonomisk forvaltning

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022
Økonomisk forvaltning	-1 947	-1 838	-1 918

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Økonomisk forvaltning	-1 918	-2 250	-1 915	-1 643

Med ny kommunelov er det i hovudsak tre element som ligg att i Økonomisk forvaltning:

- Rentekompensasjonsordninga ligg stabilt på rundt 1,0 mill. årleg
- Utgifter til administrasjon av eigedomsskatten.
- Inntekter ein belastar investeringsrekneskapen for administrasjon av investeringar, og mellomfinansiering av desse. Inntektene varierer i takt med investeringsnivået.

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022- 2025

Verbale føringar

Fitjar kommune greier ut restrukturering av VA området. Ved å laga eige selskap på vann og avløp kan ein finansiera fremtidige investeringar i VA over ein lengre periode. Dette kan bidra til å halda desse avgiftene på eit lågare nivå for den enkelte abonnent. Ein vil også vera tryggare på at inntekter frå sjølvkost området ikkje vert brukt andre stader.

Kommunestyret ber rådmannen komma tilbake med saker og meldingar på ulike tema knytt opp til budsjettet. Før rådmannen set i gang arbeidet med sakene, skal det vera dialogmøte mellom rådmann og politisk leiing for å gå nærmere gjennom bestillinga frå kommunestyret . Tidspunkt for kva tid sakene skal fremjast vert å avklara når rådmannen set opp årshjulet for 2022.

Saker:

- Sak som gjeld etablering av tilbod om barnehage/SFO i sommarferien for foreldre som måtte ha behov for dette (sak til utval for oppvekst- og omsorg)
- Sak om korleis ein kan få tilbod om eigen psykolog i kommunen, gjerne i samarbeid med andre kommunar (sak til utval for oppvekst- og omsorg)
- Sak om heiltidskultur i Fitjar kommune, herunder kartlegging av frivillig/ufrivillig deltid (sak til administrasjonsutvalet)
- Sak om trykking av nytt opplag av Fitjar sine bygdebøker (sak til formannskapet)
- Sak om å få fram innebygd kunstverk i foajeen på Rimbareid skule (sak til formannskapet)
- Sak om å opna for fleire læringsplassar i Fitjar kommune (sak til formannskapet)
- Sak om etablering av E-sportsenter i Fitjar (sak til formannskapet)

Meldingar:

- Melding om kva som skal til for å varma opp bassenget på Rimbareid ein dag i veka med tanke på babysymjing, rehabilitering m.m. (melding til formannskapet)

Presiseringar til budsjettet:

- Kommunestyret ber om at oppseiingstida for leiligheter på Havnahuset vert sett ned frå tre til ein månad. Økonomisk tap som fylgje av dette vert å utlikna på den ordinære leiga
- I premissane for eigedomsskatten vert punkt e. endra til slik ordlyd: I samsvar med eigedomsskattelova §7b er bygning av historisk verdi – definert som bygning registrert i Kulturminneplanen kategori A, B og C – . For desse bygningane kan det søkjast om årleg fritak for eigedomsskatten dersom statusen i kulturminneplanen set særlege avgrensingar for bygningen.
- Kommunestyret føreset at arbeidet med rullering av arealdelen til kommuneplanen vert starta opp 2. halvår 2022